




Rogaland
fylkeskommune

Årsmelding 2024



Saman for eit grønt og attraktivt Rogaland

Rogaland fylkeskommune leverer mange og gode tenester til innbyggjarane i fylket. Det skjer i hovudsak innan tenestedområdene opplæring, tannhelse, samferdsel, kultur, regional planlegging og næringsutvikling. Arbeidet legg grunnlag for gode liv og sterke fellesskap i heile fylket.

2024 har vore eit år prega av utvikling og omstilling av administrasjonen.

Gjennom heile 2024 har det gått føre seg ei omfattande omorganisering med ambisjon om å skapa ein meir heilskapleg og effektiv fylkeskommune. Etter sommaren starta arbeidet med rehabilitering av fylkeshuset, eit prosjekt som inkluderer modernisering av eksisterande bygg og oppføring av nye. Etter planen skal nytt fylkeshus stå klart i slutten av 2026.

Eit anna stort steg var vedtaket av den nye utviklingsplanen for Rogaland, som set kursen for korleis fylket skal utvikla seg i åra som kjem.

Planen prioriterer

- attraktive lokalsamfunn, tettstader og byar
- ein konkurransedyktig region
- helsefremjande og inkluderande samfunn
- klimaomstilling og livskraftig naturmiljø

Rogaland fylkeskommune har og fått ny visjon: Saman for eit grønt og attraktivt Rogaland. Denne visjonen forpliktar oss til å vere ein pådrivar for ei berekraftig og positiv samfunnsutvikling, og understrekar målet om at Rogaland skal tiltrekkje seg både innbyggjarar og besøkande.

Gjennom samarbeid og felles innsats skal me halda fram med å byggje eit fylke som er godt å leva i for alle, og som me kan gi vidare til kommande generasjonar i endå betra stand.

I årsmeldinga finn du ei oppsummering av resultata innan dei ulike ansvarsområda våre.

Innhald

Resultat og aktivitetar	4
Langsiktige utviklingsmål	5
Opplæring	11
Samferdsel	18
Samfunn	22
Tannhelse	27
Byggjeprojekt	29
 Medarbeidarar og organisasjonsutvikling	 32
Administrativ organisering	33
Likestilling og mangfald	36
 HMS og kvalitet	 43
Omboda	48
 Folkevalde organ	 52
 Økonomisk resultat	 58
Oppsummering av 2024	83
Revisors beretning	87

Resultat og aktiviteter

The background of the slide is composed of large, abstract geometric shapes. It features a dark teal color and a light teal color. The shapes are triangles and polygons that create a dynamic, modern look. The text 'Resultat og aktiviteter' is positioned in the upper left area, set against the dark teal background.

Langsiktige utviklingsmål

I oktober 2024 vedtok fylkestinget ein ny utviklingsplan for Rogaland for perioden 2025–2028. Arbeidet har vore omfattande, med eit solid kunnskapsgrunnlag og brei medverknad. Folkevalde, interesseorganisasjonar, næringsliv og administrasjonen har bidrege i prosessen. Rogaland fylkeskommune har og fått ny visjon:

**Saman for eit
grønt og attraktivt
Rogaland.**

Denne visjonen forpliktar oss til å vere ein pådrivar for ei berekraftig og positiv samfunnsutvikling, og undertrekar målet om at Rogaland skal tiltrekkje seg både innbyggjarar og besøkande.

For å nå utviklingsmåla må me bruka ressursane og verkemidla våre på best mogleg måte, og me må samarbeida på tvers av sektorar. Derfor presenterer me først nokre av dei viktigaste resultatane samla på tvers av fagområde, før me går nærare inn på bidraget til dei ulike avdelingane.

Overordna arbeid

Den nye utviklingsplanen byggjer på FNs berekraftsmål. Gjennom satsinga Bærekraftsfylket Rogaland har fylkeskommunen, i samarbeid med kommunane og statsforvaltaren, samla viktig kunnskap for å styrkja arbeidet med berekraftsmåla og dei langsiktige utviklingsmåla. Ein viktig milepæl

i dette arbeidet er Rogaland i Tal – ein ny statistikkportal som gir enkel tilgang til nøkkelinformasjon om samfunnsutviklinga i fylket. Portalen viser også status for FNs berekraftsmål i Rogaland, basert på 41 berekraftsindikatorar. Denne faktabaserte oversikta gjer det lettare å prioritera tiltak som bidreg til ei berekraftig utvikling.

Fylkeskommunen har ei viktig rolle som styresmaktsutøvar, tenesteleverandør og samfunnsutviklar. Gjennom dette kontinuerlege arbeidet har fylkeskommunen bidrege på tvers av utviklingsmåla, mellom anna gjennom vedlikehald og utvikling av fylkesvegane og kollektivtilbod, vidaregåande opplæring, og dessutan brei saksbehandling og rådgiving.

I det resterande kapittelet vil me trekkja fram nokre spesifikke resultat for 2024 knytt til kvart utviklingsmål.

Attraktive lokalsamfunn, tettstader og byar

I 2024 har Rogaland fylkeskommune jobba aktivt for å utvikla attraktive og berekraftige lokalsamfunn gjennom satsingar på kultur, idrett, mobilitet og miljøtiltak. Fylkestinget vedtok ein ny regionalplan for kultur og idrett som set føringar for utviklinga fram mot 2036. Denne planen skal styrkja tilbodet i heile fylket og bidra til levande lokalsamfunn. Fylkesbiblioteket har vore ein viktig aktør ved å arrangera kurs og delta på offentlege arrangement for å gjera biblioteka til inkluderande møteplassar. Bevaring av kulturarven har også fått auka merksemd, med tilskot til verneverdige bygg, anlegg og fartøy.

Samtidig har fylkeskommunen gjennomført fleire tiltak for betre mobilitet og tilgjengelegheit. Eit nytt busstilbod er lansert, og fleire gang- og sykkelveggar er fullførte. Viktige vegstrekningar og kollektivknutepunkt er oppgraderte, og ny bypakke Haugesund og fastlands-Karmøy har lagt til rette for berekraftig byutvikling. Auka innsats for universell utforming, inkludert kurs i tilgjengeleg transportveg, fremjar eit meir inkluderande samfunn.

I arbeidet med vidaregåande skulebygg har fylkeskommunen lagt vekt på miljøvennlege transportløyningar, mellom anna ved å etablere garderobar for tilsette og redusere talet på parkeringsplassar. Skulane blir også opna for sambruk, slik at idrettslag og andre aktørar kan

bruka lokala utanfor skuletid. Gjennom desse tiltaka bidreg fylkeskommunen til å skapa levande og inkluderande lokalsamfunn som møter behovet til innbyggjarane både i dag og i framtida.

Konkurransedyktig region

I 2024 har Rogaland fylkeskommune jobba aktivt for å styrkje konkurransekrafta til regionen gjennom tiltak innan næringsutvikling, kompetanse og infrastruktur. Ein viktig del av dette arbeidet har vore revideringa av Nærings- og innovasjonsstrategien, som no inkluderer nye kapittel om mat, reiseliv og oppleving. Strategien har vore grunnlaget for satsingar på rein energi, maritim framtid, matproduksjon og turisme.



Foto: Foto Brian Tallman



Foto: Eduardo Grund

Fylkeskommunen har støtta næringsutvikling med store midlar gjennom tilskotsordningar, og fleire bedrifter, næringshagar og inkubatorar har fått økonomisk støtte til innovasjon og utvikling. Samtidig har mange gründerar delteke på kurs og motteke individuell rådgiving for å styrkja etableringane sine. For å tiltrekkja nye bedrifter, talent og investeringar har fylkeskommunen også jobba med prosjektet Invest in Rogaland og lansert Southwest Norway, som styrkjer talentattraksjon og internasjonal rekruttering.

Kompetanseutvikling er avgjerande for framtida til regionen, og i 2024 vart Regionalplan kompetanse vedteke for å sikra samsvar mellom behovet i arbeidslivet og kompetansen til arbeidsstyrken. Gjennom Kompetanseforum Rogaland, eit samarbeid mellom næringsliv, offentlig sektor og utdanningsinstitusjonar, jobbar me for å sikra eit forpliktande samarbeid på kompetanseområdet.

Vidaregåande opplæring er ein viktig del av dette arbeidet, då fullført skulegang gir fleire moglegheiter for den enkelte og sikrar

arbeidslivet nødvendig kompetanse. Frå august 2024 tredde ei ny opplæringslov i kraft med rettar som skal bidra til at fleire fullfører vidaregåande skule og kjem ut i arbeid.

Helsefremjande og inkluderande samfunn

I 2024 har Rogaland fylkeskommune jobba for å skapa helsefremjande og inkluderande samfunn der alle innbyggjarar har høve til å delta aktivt. Arbeidet med ein ny regionalplan for helsefremjande og inkluderande samfunn er i gang, og resultat frå folkehelseundersøkinga er delt med kommunane for å danna grunnlag for målretta tiltak. Partnerskap for folkehelse har arrangert samlingar med fokus på tidleg innsats og analyse av folkehelseutfordringar, og fylkeskommunen har gjennomført inspirasjons-samlingar for kommunane med fokus på universell utforming. Integreringsstrategien vart også revidert på bakgrunn av endringar i samfunnet, nye nasjonale føringar og vidareutvikling av integreringsansvaret frå fylkeskommunen.

Evalueringa av gratis skulefrukost i vidaregåande skular viser at ordninga kan bidra til å redusera sosiale forskjellar og styrke læringsutbyttet til elevane. I vidaregåande opplæring har fylkeskommunen satsa på inkludering og tilpassa opplæring gjennom kompetanseutvikling for tilsette og tettare samarbeid med lærebedrifter. PPT leiår også arbeid med skulemeistring for elevar med skulerelatert angst, og tilrettelegging ved vidaregåande skular blir i høg grad vektlagt. Ved nybygg er det merksemd på inkluderande miljø som tek vare på ulike behov.

Fylkeskommunen har også styrkt kultur- og idrettsfeltet gjennom økonomisk støtte til frivillige lag og organisasjonar. Biblioteka har fått ei viktigare rolle som møteplassar og

kunnskapsformidlarar, mellom anna gjennom kurs og samlingar for tilsette. For å styrkja helsetilbodet er det sett i gang eit kompetanseløft i kognitiv terapi for frisklivssentralane. Gjennom desse tiltaka legg fylkeskommunen til rette for eit samfunn der fleire får høve til å delta aktivt, trivast og lykkast.

Klimaomstilling og livskraftig naturmiljø

I 2024 har Rogaland fylkeskommune jobba aktivt med klimaomstilling og bevaring av naturmiljøet. Arbeidet er betre forankra i overordna planar, mellom anna gjennom arbeidet med Regionalplan for klimaomstilling,



Foto: Eduardo Grund



som no også omhandlar natur for å sjå natur- og klimakrisa i samanheng. Me har også jobba med rullering av vassforvaltningsplanen for å verna vassressursane i regionen og sikra berekraftig bruk. I tillegg har me styrkt arbeidet med berekraftig massehandtering, inkludert kartlegging av massefyllingar i landbruket.

Fylkeskommunen har innført nye krav om gjenbruk og resirkulering i byggjeprojekt i tråd med prinsippa for sirkulær økonomi. Me stiller strenge krav til klimagassutslepp og legg til rette for ombruk av materiale i byggjeprojekt. Kartlegging av uteområda ved vidaregåande skular er gjennomførte for å vurdere biologisk mangfald, og tiltak for å auka artsrikdommen

er i gang. Samtidig er arbeidet med å kartleggja regionale friluftsområde styrkt. Ein digital høyringsrunde er gjennomført for Haugalandet, Jæren, Nord-Jæren og Ryfylke, og kartlegginga i Dalane skal fullførast i 2025.

For å bidra til meir berekraftige transportløysingar har fylkeskommunen vidareutvikla kollektivtilbodet, mellom anna gjennom Bussveien – det største samferdselsprosjektet i fylket. Stortinget si godkjenning av bypakke Haugesund og fastlands-Karmøy markerer ein viktig milepæl. I tillegg arbeider me med eit arealrekneskap for heile fylket, som vil gi betre oversikt over arealbruk, planlagde endringar og klimagassutslepp knytt til nedbygging av natur.



Opplæring

Å fullføre vidaregåande opplæring er viktig for den enkelte, det sikrar arbeidslivet den kompetansen dei treng og det er samfunnsøkonomisk lønsamt.

Dei nasjonal overordna måla for kunnskapssektoren er at alle skal ha lik mogelegheit til å delta i arbeids- og samfunnsliv, og alle skal utvikle ein kompetanse som dei sjølv eller samfunnet treng. I tråd med dei nasjonale måla har fylkestinget i Rogaland vedtatt følgjande hovudmål for vidaregåande opplæring gjeldande frå 2021-25:

Alle elevar og læringar skal fullføre og bestå vidaregåande opplæring

Satsingsområda gjev retning for arbeidet i vidaregåande opplæring i Rogaland og motiverer til å skapa gode resultat i fellesskap. Satsingsområda for vidaregåande opplæring er:

- Fremme eit godt læringsmiljø.
- Vektlegge ei aktiv elev- og lærlingrolle.
- Kvalifisere for arbeid og studiar.
- Utvikle profesjonsfellesskap blant dei tilsette på skulane.

Frå august 2024 fekk vidaregåande skule ny opplæringslov. I den nye lova finn ein fleire rettar som kan bidra til at fleire

består vidaregåande opplæring og tar del i arbeidslivet:

- Ein har rett til å ta vidaregåande opplæring til ein har fullført.
- Ein har rett til å velje nytt utdanningsprogram så mange gonger ein vil fram til det året ein fyller 19 år.
- Ein har rett til å ta eit nytt fagbrev, sjølv om ein har eit frå før.
- Ein har utvida målgruppa for oppfølgings-tenesten for unge fram til 24 år.
- Ein har utvida retten til vidaregåande opplæring for vaksne.

Resultat

Gjennomføringa i vidaregåande opplæring har auka betydeleg dei siste åra. Blant elevane som starta i vidaregåande opplæring i Rogaland i 2017 fullførte 84,8 prosent med studie- eller yrkeskompetanse i løpet av fem/seks år, mens tilsvarande for 2007-kullet var 74,6 prosent. Talet på lærekontraktar, opplæringskontraktar og lærebedrifter aukar. Ei viktig årsak til at gjennomføringa aukar, er at færre sluttar undervegs i opplæringsløpet. I 2007-kullet hadde heile 16,3 prosent slutta undervegs, mot 6,9 prosent i 2017-kullet. Det er også færre som gjennomfører vg3 eller går opp til fagprøve utan å bestå (andelen var 5,4 prosent i 2007-kullet). I forhold til 2016-kullet, ser me at det er ein betydeleg større andel som fullfører på normert

tid for 2017-kullet. Det vil krevje auka innsats for å sikra høg gjennomføring i heile løpet i vidaregåande opplæring, og det er viktig å fortsette eit målretta arbeid med kvaliteten i alt me gjer dei neste åra.

Kvalitetsmeldinga for 2024 gir ei grundig samstilling av resultatet frå skuleåret 2023/24 og er å finne på Rogaland fylkeskommune si heimeside. I 2024 leverte me

- skuleplass til 16568 elevar i vidaregåande skule
- innføringstilbod til 640 minoritetsspråklege elevar
- 3333 nye læreplassar til lærlingar og 134 til lære kandidatatar

- 68 elevar i fagopplæring i skule og 138 fagbrev på jobb kontraktar
- 3573 nye fagarbeidarar og 64 beståtte kompetanseprøvar
- 5599 skriftlege privatisteksamenar og 2303 munnlege privatisteksamenar
- vaksenopplæring til 2634 deltakarar
- fagskuleutdanning til 1694 studentar
- nettbasert vidaregåande opplæring til 497 elevar
- kompetanseutvikling for 130 lærarar gjennom programmet Kompetanse for kvalitet og for 33 lærarar gjennom Yrkesfagløftet
- karriererettleiing til 2519 brukarar. I tillegg blei 2150 personar rettleidde i grupper, kurs eller samlingar.





Meir opplæring

Frå august 2024 fekk elever som har gjennomført men ikkje bestått fag, lovfesta rett til meir opplæring. Denne retten har tilbakeverkande kraft. På tvers av avdelingane og saman med rektorane blir det jobba med moglege løysingar for framtidig organisering, for å imøtekomme lovkravet.

Om lag 90 lærlingar som strauk på fag-/sveinprøva har blitt informert om retten til meir opplæring, av desse er 26 kontraktar forlenga med bedriftstilskot. Tre kandidatar har fått

kontrakten sin forlenga etter å ha stroke på læreplanfesta vg3 eksamen. Lista for desse kandidatane er lang og me har enda ikkje laga ei rutine for å informera lærlingane om retten til meir opplæring som følgjer av ikkje-bestått vg3-eksamen.

Utviklingsarbeid

For vidaregåande opplæring er det pågåande utviklingsarbeid knytt til satsingsområda og dei påverkar elevane og lærlingane si gjennomføring, læringsresultat og læringsmiljø.



Dette er utviklingsarbeid som er organisert av seksjon opplæring i skule eller bedrift og av PPT:

- Tenesteområde opplæring samarbeider med Universitetet i Innlandet ved Senter for praksisrettet utdanningsforskning (SePU), og gir kompetanseheving på alle skulane. Målsettinga er auka kompetanse innan inkludering og tilpassa opplæring for alle tilsette i dei vidaregåande skulane, PPT og skuleeigar. Dette for å sikre elevane sin rett til tilpassa opplæring og korleis ivareta denne retten.
- Rogaland fylkeskommune er tilskotsmottakar for alle dei vidaregåande skulane i fylket for dei nasjonale ordningane «Lokal kompetanseutvikling i barnehage og grunnopplæring» og «Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderende praksis». Saman med Universitetet i Stavanger (UiS) er det pågåande utviklingstiltak på fleire skular knytt til tema «Læringsfremmende relasjonar, elevmedvirkning og vurdering» og «Flerkulturell skole». UiS og PPT samarbeider om eit tiltak der tema er implementering, kapasitetsbygging knytt til PPT sitt mandat om å støtte skulane i organisasjonsutvikling.
- «Helhetlig fag- og yrkesopplæring» (HFY) er opplæringsavdelinga sin arena for kompetanseutvikling på tvers av vidaregåande skule, lærebedrifter og prøvenemnder. Målet med HFY er at elevar, lærlingar og lære kandidatlar skal oppleve eit heilskapleg 4-årig opplæringsløp, og få eit auka læringsutbytte gjennom eit forsterka samarbeid mellom skule, lærebedrift og prøvenemnd. Målgrupper i HFY er yrkesfaglærarar i vidaregåande skule, faglege leiare og instruktørar som gir opplæring i bedrift, samt prøvenemndsmedlemmer.
- PPT har ansvar for prosjekt gjennomføring som handlar om styrking av psykisk helse i skulane.
- Ei skulemeistringsgruppe vert leia av PPT og støtter elevar med skulerelatert angstproblematikk.
- PPT har eit rettleiingsnettverk for skulane innan fagområda lese- og skrivevanskar og for matematikkvanskar.

Elevar i vidaregåande opplæring

Elevar, lærlingar og lærarar i Rogaland per 1. oktober, utvikling frå 2018/2019 til 2023/2024.

	2023/2024	2022/2023	2021/2022	2020/2021	2019/2020	2018/2019
Elevar ved fylkeskommunale vgs	16568	16455	16417	16526	16404	16603
Elevar i private skular	1896	1892	1932	1889	1838	1753
Lærlingar med læreplass i Rogaland	6053	5960	5589	5324	5432	5009
Lærekandidatar i Rogaland	209	188	188	155	112	101
Elevar i vg3 fagopplæring i skule	64	78	78	85	141	26

Elevar frå tilrettelagte grupper og innføringsklassar er ikkje med i talgrunnlaget.

Kilde: Udir

Vaksenopplæring


	2024	2023	2022	2021	2020	2019	2018	2017	2016	2015	2014
Talet på vaksne søkjarar	2634	1435	1465	1631	1357	1397	1469	1528	1352	1168	1015
Talet på real-kompetansevurderte	396	246	259	243	325	236	316	302	298	254	270
Talet på vaksne under opplæring	2243	1834	4318	3882	3206	2851	2702	2360	2018	1774	1657

Kjelde: Vigo Voksen

Fagopplæring

	2024	2023	2022	2021	2020	2019	2018	2017	2016	2015	2014
Talet på nye lærlingar	3333	3100	3092	3026	2555	2830	2618	2489	2177	2374	2685
Talet på nye elevar i fagopplæring i skule	68	76	90	77	166	51	97	117	158	8	
Talet på nye kontrakter, fagbrev på jobb	138	80	65	78	42						
Talet på nye lærekandidatar	134	149	102	97	69	61	54	55	37	45	64
Talet på avlagte fag- og sveineprøvar	3573	3610	3360	3561	3128	3331	3016	3119	3312	3240	3115

Kjelde: Utdanningsdirektoratet



Rekneskap 2024

Stab, støtte og fellesutgifter	PPT	Opplæring i bedrift	Vidaregåande opplæring	Fagskolen	Vaksen-opplæring	Kriminal-omsorgen	Netto utgifter
172	38	529	2724	1	58	-1	3521

	Rekneskap 2024	Revidert budsjett 2024	Avvik
Løn	3101	3113	12
Andre driftsutgifter	1211	1034	-177
Sum utgifter	4311	4147	-165
Sum inntekter	-790	-636	155
Netto driftsresultat	3521	3511	-10

Investeringar 2024	
Plan og tilrettelegging	51
Inventar og utstyr	44
Byggjeprosjekter	268
Sum investeringar	363

alle tal i millionar kroner, inkludert mva



Samferdsel

I 2024 har drift og vedlikehald av infrastruktur (bru, veg og tunnel) vore viktig i tråd med samferdselsstrategien. Dagens vegnett skal utnyttast på best mogleg vis, ved å vedlikehalde og oppgradera det som allereie finst framfor nye investeringar.

Stortinget si godkjenning av Bypakke Haugesund og fastlands-Karmøy 4. juni var ein viktig milepåle. Bompengeprojektet vil sikra vesentlege forbetringar i transportinfrastrukturen i byområdet på Haugalandet og leggja til rette for ein meir berekraftig byutvikling.

Rogaland fylkeskommune held òg fram arbeidet med trafikkisikring, og vart i 2024 sertifiserte som Trafikksikker fylkeskommune – eit kvalitetsstempel for målretta innsats på tvers av heile organisasjonen.

Bussveien er det største projektet samferdselsavdelinga arbeider med, og framdrifta var god også i 2024. Ein viktig milepåle var opninga av det såkalla «karusellkrysset» i Jåttåvågen, der trafikken no går gjennom den store rundkøyringa under bakken. I tillegg vart nesten heile kollektivtraseen frå dette krysset opp til det nye sjukehuset på Ullandhaug ferdig i slutten av året.

Samferdselsavdelinga var sentral i planlegginga av den nasjonale sykkelkonferansen i Stavanger i september. Konferansen var ein stor suksess og samla deltakarar frå heile landet, for å dela erfaringar og gode idéar som kan få fleire til å velje sykkel som transportmiddel.

Dette jobbar me med årleg:

- Drift, vedlikehald og utvikling av fylkesvegnettet, til saman om lag 2 500 kilometer veg, som er 85 prosent av vegnettet i fylket vårt.
- Me styrkjer miljøvennleg transport i byområda på Jæren og på Haugalandet, mellom anna gjennom utvikling av eit høgverdig kollektivsystem.
- Skuleskyss og tilrettelagd transport (TT-ordning), trafikktryggleik og oppfølging av drosjeløyve, selskapsvognløyve og ruteløyve.

Resultat

- Oppstart av ny kontrakt for vedlikehald, reinhald og brøyting av fylkesvegnettet på Haugalandet (2024-2028) frå 1. september.
- Rogaland fylkeskommune har gjennom Kolumbus lyst ut to rutepakkar, for Nord-Jæren og Jæren/Dalane. Kontrakten for Nord-Jæren blir Noregs største busskontrakt målt i rutekilometer.
- Ny bypakke (bompengepakke) for Haugesund og fastlands-Karmøy er vedteke av Stortinget.
- Rogaland fylkeskommune godkjent som trafikksikker fylkeskommune.

I 2024 vart blant anna følgande prosjekt fullført:

- fylkeveg 44 Prestbru-Bjånesbakken, Sokndal kommune
- fylkeveg 4524/4520 gong- sykkelveg ved Ølberg-Vigdel, Sola kommune. Bymiljøpakken.
- fylkeveg 4668 ny Ullestad bru, Hjelmeland
- fylkeveg 4974 Høievegen, Tysvær kommune
- vedlikehald av Stavanger bybru
- vedlikehald av Helganes bru
- oppgradering av Frafjordtunellen

I tillegg har me blant anna:

- lagt nytt asfaltdekke på om lag 98 kilometer fylkesveg
- oppgradert Eidssund, Helgøy og Oanes kai
- oppgradert 15 busshaldeplassar

- breiddeutvida og laga støttemur på fylkeveg 4452 Lalandsvegen, Klepp kommune
- utført fartsdempande tiltak på fylkeveg 4558 Kvernevik Ring, Stavanger kommune
- utbetra fylkeveg 4632 Fossmorkvegen
- utbetra fylkeveg 4666 Velandsvegen
- skredsikringstiltak på fylkeveg 503 Gloppedalsvegen, Gjesdal kommune
- bygd gang- og sykkelveg ved Kårhus fylkeveg 46, Vats, Vindafjord kommune
- klargjord skuleveg ved Sagbakkevegen fylkeveg 4778 Førland, Tysvær kommune
- kurve- og siktutbetra fylkeveg 4776 Hervik, Tysvær kommune

Utvikling

- Starta arbeidet med å revidera samferdselsstrategien.
- Rullering av handlingsprogram for samferdsel.





Fylkesordfører Ole Ueland klipper snora for ny gang- og sykkelveg mellom Ølbergstranden og Vigdelstranden.

Rekneskap 2024

Stab, støtte og fellesutgifter	Transport og mobilitet	TT (tilrettelagt transport)	Bymiljøpakken	Trafikk-sikringstiltak (FTU)	Kollektiv (buss, båt, ferje)	Veger	Netto utgifter
17	20	33	0	11	1373	884	2339

	Rekneskap 2024	Revidert budsjett 2024	Avvik
Løn	130	118	-11
Andre driftsutgifter	3380	3330	-49
Sum utgifter	3509	3449	-61
Sum inntekter	-1171	-1120	50
Netto driftsresultat	2339	2328	-10

Investeringar 2024	
Utlån	0
Avsetning fond	859
Aksjer og andelar	41
Vegar	2056
Sum investeringar	2956

alle tal i millionar kroner, inkludert mva



Samfunn

Tenesteområdet samfunn jobbar for eit attraktivt, berekraftig og inkluderande fylke.

I 2024 har me arbeidd med viktige planar og andre grep for å bidra til ei berekraftig utvikling av Rogaland i åra framover. Særleg har mange prosjekt på ein eller annan måte involvert arealbruk og samanhengane mellom klima, natur, energi og areal. Året har vore prega av godt regionalt samarbeid, for å samordna og setje i gang tiltak for næringsliv, kommunar og andre samarbeidspartar.

I 2024 blei avdeling for plan-, miljø, og samfunn og avdeling for kultur og næring slått saman til eit tenesteområde. Det resulterte i ein ny avdelingsstruktur:

- plan og kulturmiljø
- næring, miljø og regional omstilling
- kultur og inkludering

Saman bidreg alle fagområda, i dei tre avdelingane, til ei heilskapleg, framtidsretta utvikling av fylket. Gjennom planlegging, miljøforvaltning, næringsutvikling, kultur- og kompetanseheving bidreg me til heilskaplege løysingar for framtida. Me støttar lokalt næringsliv, fremjar kultur og idrett, bevarer kulturarv og sikrar gode levekår gjennom folkehelse- og klimaarbeid. Samarbeid med kommunar, organisasjonar og næringsaktørar er sentralt for å skape vekst, innovasjon og gode lokalsamfunn i Rogaland.

Resultat

- Utviklingsplan for Rogaland blei vedteke. No startar oppfølginga.
- Prosjektet «Attraktive tettstader i distrikta i Rogaland» vart avslutta. Transportøkonomisk institutt har evaluert prosjektet, og konkluderte med at prosjektet i stor grad har bidrege til å støtta arbeidet i kommunane med å utvikla attraktive og levande tettstader.
- Me driftar partnerskap for folkehelse.
- Saman med Statsforvaltaren har me arrangert ei inspirasjonssamling for kommunane om universell utforming.
- Evalueringa av gratis skulefrukost på vidaregåande skular er ferdig, og antydar at ordninga kan bidra til å redusera sosiale forskjellar blant elevane.
- Regionalplan for Preikestolen og Lysefjordområdet vart sendt på høyring.
- Me har gjennomført 16 regionale planforum fordelt på 11 kommunar med saker frå detaljregulering til kommuneplanens arealdel.
- I 2024 fordelte me omtrent 22,6 millionar kroner frå fylkeskommunale tilskotsordningar og omtrent 13 millionar kroner i driftsstøtte til organisasjonar innan friluftsliv, miljø, stadsutvikling og folkehelse.
- Fylkesbiblioteket var medarrangør på 65 offentlege arrangement i biblioteka (Bokleik og forfattarturné) med totalt 4147 i publikum.
- Ny Regionalplan for kultur og idrett vart vedteken i fylkestinget 11. desember.

- 253,6 millionar kroner vart fordelte i økonomisk støtte frå tilskotsordningar. Desse tilskota er viktige for prosjekt, tiltak og arenaer blant kommunar, frivillige lag- og organisasjonar og aktørar innan kultur- og idrettsfeltet i Rogaland.
- Det vart i 2024 fordelte tilskot på til saman 19,87 millionar kroner på kulturmiljøfeltet. Tilskota er i hovudsak retta mot verna bygg, anlegg og fartøy i fylket.
- I tillegg vart det for første gong fordelt 1 million i tilskot til regionale utviklings- og verdiskapingsprosjekt på kulturmiljøfeltet.
- Det er gjennomført arkeologiske registreringar i 54 saker.
- I 2024 vart det gitt tilsegn for om lag 31 millionar kroner frå dei ulike tilskotsordningane til næringsutvikling.
- Ulla-Førrefondet fekk inn 27 søknadar for 2024-utlysinga. Fem av søkerane fekk tilsegn på til saman 22,8 millionar kroner

- Innovasjon Norge og SIVA fekk overført 28,3 millionar kroner til næringshagar, inkubatorar og bedrifter innan deira felt.
- I 2024 fekk Rogaland fylkeskommune utbetalt omtrent 51 millionar kroner frå Havbruksfondet.

Utvikling

- Me er i gang med regionalplan for helsefremjande og inkluderande samfunn.
- Me starta opp arbeidet med rullering av vassforvaltningsplanen, samtidig som me følgjer opp tiltak i gjeldande plan.
- Me har jobba med Regionalplan for klimaomstilling, som no også omhandlar natur, for å sjå natur- og klimakrisa i samanheng.
- Kartleggingsprosjektet om massefyllingar i landbruket er fullført.
- Me har kartlagt regionale friluftslivsområde i Rogaland.



Vinnaren av kulturprisen i 2024 Turi Gramstad saman med fylkesordførar Ole Ueland.



- Me samarbeider med kommunane og Statsforvaltaren i Rogaland om ei felles kartlegging av status for berekraft i Rogaland. Resultatet kjem våren 2025.
- Den kulturelle skulesekken starta i 2024 eit prosjekt kor elevane får vere med på å velja ut produksjonar dei ønsker å oppleve.
- Me har laga kravspesifikasjon for ei nasjonal nettsideløysing/app for bibliotek, på oppdrag frå Nasjonalbiblioteket.
- Bokleik – lesestimulering retta mot førskulebarn. Erstattar «Hele Rogaland leser».
- Gode bibliotekrom i Rogaland. To- til treårig prosjekt med oppstart hausten 2024.
- Digitalt kjeldemedvit i biblioteket – eit nasjonalt kompetanseløft for bibliotektilsette.
- Nærings- og innovasjonsstrategien er revidert med eigne kapitel for mat og reiseliv og oppleving.
- I 2024 har det vore eit tett samarbeid med Gladmat, for å utvikla lokalmat-aktørar og lokalmat-arrangement i heile fylket gjennom heile året.
- I 2024 tok Invest In Rogaland imot 13 delegasjonar med 185 delegatar frå 12 ulike land. Dei fekk 44 førespurnadar frå selskap som vurderer å etablera seg i regionen. 7 av desse resulterte i konkrete etableringar, og det jobbast aktivt med 21 selskap for mogleg etablering. Innanfor talentattraksjon og internasjonal rekruttering etablerte Invest In i 2024 prosjektet Southwest Norway i samarbeid med ei rekkje ulike aktørar i fylket.
- Kompetansenettverk for lokalmat i Sør-Noreg omfattar Rogaland og Agder fylke. Det vart løyvd 2,4 millionar kroner frå Landbruks og matdepartementet til arbeidet i 2024.



Rekneskap 2024

Stab, støtte og fellesutgifter	Allmenn kultur	Kulturarv	Næring	Skape	Plan - regional utvikling	Plan - lokal utvikling	Plan - miljø	Netto utgifter
9	128	90	53	1	20	18	38	356

	Rekneskap 2024	Revidert budsjett 2024	Avvik
Løn	120	123	3
Andre driftsutgifter	744	630	-114
Sum utgifter	864	754	-110
Sum inntekter	-508	-394	113
Netto driftsresultat	356	359	3

Investeringar 2024

Kjøp av aksjer og andelar	2
Sum investeringar	2

alle tal i millionar kroner, inkludert mva



Tannhelse

Tannhelsa for barn og unge i Rogaland er god, og låg på eit høgt nivå i 2024.

I 2024 har føretaket levert tannhelsetenester i tråd med tinginga frå fylkestinget for 2024. I dei prioriterte gruppene var 143 844 personar under tilsyn, og det vart ferdigbehandla 92 375 pasientar. Til saman var 174 410 personar under tilsyn i 2024.

Tannhelse Rogaland FKF har tilsette med høg fagleg kompetanse og byr på tenester med stor fagleg breidde. Det er gode resultat i brukarundersøkinga som vart gjennomført i 2024.

Døme på tiltak som skal syta for at dei som kjem i kontakt med tenesta, treff tilsette med god og relevant kompetanse, er introduksjonsprogram og fadderordning for nytilsette, ulike kurs, og hospitering hos spesialist. Det er også godt samarbeid mellom tannklinikkane og Tannhelsetjenestens kompetansesenter Rogaland om forskning- og fagutviklingsprosjekt. I 2024 vart styrande dokument revidert, og kvalitetssystemet vart bygd om til å bli prosessbasert.

Tannhelse Rogaland tek IA-avtalen alvorleg og føretaket arbeider heile tida med å betra arbeidsmiljøet og vidareutvikla ein organisasjonskultur med merksemd på omsorg, integrering, kvalitet og å vera tilstade. Føretaket arbeider for eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid, og har som mål å gjera innbyggjarane i stand til å ta vare på tennene heile livet. For å nå det målet vert det arbeidd med forskjellige aktørar innan helse- og omsorgstenester, folkehelserådgjevarar i kommunar, skular og frivillige organisasjonar.

Tannhelse Rogaland FKF har si eiga årsmelding. I årsmeldinga finn du meir informasjon om aktivitetar i føretaket og stoda for tannhelsa i fylket. Me viser til årsmeldinga for nærare detaljar om tenesta.

Årsmelding og rekneskap er tilgjengeleg på www.tannhels erogaland.no

Rekneskap 2024

	Rekneskap 2024	Revidert budsjett 2024	Avvik
Løn	0	0	0
Andre driftsutgifter	365	365	0
Sum utgifter	365	365	0
Sum inntekter	0	0	0
Netto driftsresultat	365	365	0

alle tal i millionar kroner



Byggjeprojekt

I løpet av 2024 har Rogaland fylkeskommune vore i gang med mange spennande byggjeprojekt. Me starta ombygginga av fylkeshuset, Godalen vidaregåande skule vart opna og fylkeskommunen vann byggjeskikkpris i samband med utvidinga og ombygginga av Hetland vidaregåande skule. Det har vore byggjearbeid på dei vidaregåande skulane Sola og Haugaland. Vidare vart det planlagt ei rekkje prosjekt for året som kjem, der iblant utbyggingsprosjekt på dei vidaregåande skulane Karmsund, Skeisvang, St. Olav, Strand og Øksnevad. Rogaland fylkeskommune arbeidde også med utgreiing av moglegheita for to nye vidaregåande skular, ein i Stavanger og ein på Dalane.

Ombygging av fylkeshuset

Det er fleire årsaker til at fylkeshuset skal rehabiliterast og utvidast. Behovet for fleire arbeidsplassar er ein. I tillegg har fylkeshuset eit stort vedlikehalds- og oppgraderingsbehov. Ombygginga skal leggja til rette for auka trivsel og meir samhandling, både internt i organisasjonen og med innbyggjarane. Ombygginga skal auka kapasiteten frå omtrent 350 til 600 tilsette. Fylkeskommunen vil då samla administrasjonen i Stavanger på ein stad, i eigne eigde lokale, og slepp å leiga kontorlokale andre stader i byen.



Opning av Godalen vidaregåande skule

For å komma elevveksten i møte har Godalen vidaregåande skule gjennomgått utviding, rehabilitering og tilpassing i perioden 2021-2024. Skulen var i full drift under heile byggjeperioden, og skulen auka kapasiteten med 180 yrkesfagelevar. Godalen vidaregåande skule vart offisielt opna 18. september 2024.

Rogaland fylkeskommune vann byggjeskikkpris!

I 2024 vann Rogaland fylkeskommune og Dark Arkitekter byggjeskikkpris for utvidinga og

ombygginga av Hetland vidaregåande skule. Juryen omtaler prosjektet som «Eit førebilete for ressursforvaltning og ombruk».

Tilbygget til Hetland vidaregåande har vorte ei vakker ramme for det sosiale fellesskapet til dei unge, og ein god stad for læring. Bygget er dessutan eit døme på at det er både miljøvennleg og lønnsamt å tenkja grundig før det blir bygd, sa ordføraren i Stavanger Tormod Wilson Losnedal under overrekkinga av prisen på Ledaal.

Universell utforming

Kor	Kva	Forbrukt 2024
Vardafjell vgs	Akustikkhimling i 228	233
Dalane vgs	Ny heis	4 319
Haugaland vgs	Ny heis 1982 bygg	1 020
Karmsund vgs	HC dørautomatikk, D-bygg	248
Sauda vgs	Ny rullestolramp, slutføre arbeider fra 2023	131
Sola vgs	Overført til prosjekt (gjelder respsjonsområdet)	2 500
Åkrehamn vgs	Modernisering heis 1982, B-fløy	768
		9 219

alle tal i heile 1000, inkludert mva

Brannsikring

Kor	Kva	Forbrukt 2024
Bryne vgs	Avvik gassanlegg kjøkken	400
Vardafjell vgs	Avvik brannteknisk tilstand	304
Haugaland vgs	Brannspjeld	235
Haugaland vgs	Koble heiser til brannsentral	105
Haugaland vgs	Skifte defekte nødlýsarmaturer	236
Jåttå vgs	Nytt nødlýsanlegg	1 232
Jåttå vgs	Utsifting brannør	179
Karmsund vgs	Utbedring røykluker	146
Sauda vgs avd. Sand	Utbedre feil eller inspeksjon	1 494
Sauda vgs	Utbedring gammal brannsentral	257
SOTS	Utsifting nødlýs	300
		4 888

alle tal i heile 1000, inkludert mva

Enøktiltak

Kor	Kva	Forbrukt 2024
Kopervik vgs	Skifte til LED-belysning kantine	174
St. Olav vgs	Nye radiatorer Villa	618
Bergeland vgs	Bygge om varmesentralen	4 597
Karmsund vgs	Skifte til LED-belysning E-bygg	202
Sauda vgs, avd. Birkeland	Skifte til LED-belysning klasserom	205
Sauda vgs	Montere DCV-spjeld til alle rom (co2 måling)	403
		6 199

alle tal i heile 1000, inkludert mva

Miljøtiltak

Kor	Kva	Forbrukt 2024
Vågen vgs	Ny søppelløsning	1 850


alle tal i heile 1000, inkludert mva

Energiforbruk


År	kWh/m ²
2009	151
2010	171
2011	141
2012	139
2013	143
2014	131
2015	123
2016	123
2017	116
2018	110
2019	110
2020	112
2021	112
2022	107
2023	108
2024	106

Snitt energiforbruk på hele fylkeskommunens bygningsmasse.

Medarbeiderar og organisasjons- utvikling



Administrativ organisering



Det var ved årsskiftet 4293 tilsette, som utførte 4003 årsverk. Av disse er 2601 kvinner (61 prosent) og 1692 menn (39 prosent). Ved årsslutt var det 95 lærlingar i ulike fylkeskommunale lærebedrifter, innan ti ulike lærefag. Gjennomsnittsalderen for tilsette i fylkeskommunen er 47 år. I Tannhelse Rogaland FKF er det 432 medarbeidarar, av desse er 390 kvinner (90 prosent) og 42 menn (10 prosent)

Omorganisering av fylkesadministrasjonen

Våren 2024 starta Rogaland fylkeskommune ei omorganisering av fylkesadministrasjonen, med heilskapleg tilnærming og effektive samarbeid

som mål. Arbeidet med Ny organisering vart delt opp i to fasar. I fase 1 vart den overordna administrative organiseringa frå fylkeskommunen gått gjennom. Organisasjonens nye hovudstruktur, fem område med tilhøyrande direktørar, og dessutan fylkesadvokaten, var på plass 1. juni 2024

Hausten 2024 vidareførte fylkesdirektøren arbeidet med ny organisering i fase 2. Då gjekk ein gjennom organiseringa innanfor dei fem områda, med inndeling i avdelingar og seksjonar og gjennomgang av oppgåver. Fylkesdirektøren tok ei avgjerd om organiseringa av tenesteområda og stabs- og støtteområda 24. oktober

2024. I etterkant av avgjerda har det vorte gjennomført eit arbeid med å innplassera leiarar i alle seksjons- og avdelingssjefsstillingar, og vidare innplassera medarbeidarar i den nye organiseringa. I desember har medarbeidarar på fleire seksjonar gjort eit større arbeid, for at alle medarbeidarar skal vera rett plassert og ha rett tilgang i dei ulike elektroniske systema som nyttas i jobbkvardagen. Dette for at alt skulle være klart for å setje i gong arbeidet i ny organisasjon frå 1. januar 2025.

Aktivitetar gjennom året

I 2024 gjennomførte ein blant anna følgande aktivitetar i stabs- og støtteområdet organisasjon:

- Vidare arbeid med ein felles tenestekatalog med sikre løysingar for heile organisasjonen. Sentralt er behovet til organisasjonen, tekniske krav og informasjonssikkerheitskrav.
- Innleiande arbeid med å sjå på kordan eit sentralt digitaliseringsteam og område-spesifikke digitaliseringsteam kan sikra og strukturera heile arbeidet til organisasjonen.
- Prøveprosjekt for utvalde brukare på språk-modellen Microsoft M365 Copilot.
- Saman med Trøndelag fylkeskommune er me i gang med å anskaffe nytt ERP-system (økonomi- og ressursystem).
- Medarbeidarundersøkinga viser at me har eit godt og stabilt arbeidsmiljø med gode resultat mellom anna på opplevinga av å ha eit meningsfylt arbeid.
- Nytt rekrutteringssystem har vært på anbod. Implementering av løysning frå ny leverandør vil skje i løpet av våren 2025.
- Produksjonssette kunstig intelligens i postmottaket som automatisk vidaresender eller arkiverer e-postar mottekne til firmapost@rogfk.no. Prosjektet vil bli utvida

i fleire fasar gjennom 2025.

- Lansert ny og meir brukarvenlege web-skjemaløysing, som gjer at RFK kan produsera skjema med høg grad av funksjonalitet, som betrar brukaropplevinga hjå både innsendar og sakshandsamar.
- Periodisert saks-/arkivløysinga for fyrste gong sidan 2012 og arbeida med å førebu fyrste uttrekk av eit saks-/arkivløysing som ikkje er avslutta.
- Flytta store deler av IT-infrastrukturen til skyløysingar, inkludert Tannhelse Rogaland sin infrastruktur. Me var fyrst i landet med å gjera det, og dette vil gje ein mykje betre og detaljert oversikt over IT-kostnader i åra framover.
- Arbeidet med digitale system for elevar og skular er effektivisert ved at Teams-klasser no blir automatisk oppretta med School Data Sync (SDS) og at elevane sjølv kan aktivera brukarkontoane sine når dei startar vidaregåande.
- Fleire kurs i klarspråk og nynorsk blei arrangerte.
- Kommunikasjonsavdelinga medverka i arbeidet med fleire regionale planar, i fleire prosjekt og i arbeidet med utviklingsplanen.
- Laga bok om dagsturhyttene i Rogaland.
- Arbeida med ei oppfrisking av den visuelle profilen til Rogaland fylkeskommune.

Lærlingkontoret i Rogaland fylkeskommune

Lærlingkontoret i Rogaland fylkeskommune har hatt eit aktivt år med merksemd på rekruttering, god oppfølging, variert kurstilbod og vidareutvikling av fagtilbodet. Ved utgangen av 2024 var det tilsett 95 lærlingar i fylkeskommunen fordelt på 10 ulike lærefag.



Lærlingane i fylkeskommunen har læretida si på vidaregåande skular og i fylkesadministrasjonen innan desse lærefaga:

- service- og administrasjonsfaget
- it driftsfaget
- barne- og ungdomsarbeidarfaget
- helsearbeidarfaget
- byggdriftarfaget
- salsfaget
- ernæringskokkfaget
- reinhaldsoperatørfaget
- hestefaget
- akvakulturfaget

IT driftsfaget og service- og administrasjonsfaget er lærefaga med flest tilsette lærlingar,

høvesvis 30 og 20 lærlingar per lærefag. I kommande år vil to nye lærefag, gartnarfaget og dataelektronikkfaget, være tilgjengeleg for søkarar.

For å sikre at lærlingane får best mogleg oppfølging og utvikling, har lærlingkontoret tilbydd eit breitt spekter av kurs gjennom året. Alle lærlingane i fylkeskommunen som hadde fagprøva si i 2024 bestod, fleire også med svært godt resultat.

Lærlingkontoret har også hatt fokus på å utvikla nye verktøy og prosedyrar for å optimalisere opplæringa. Døme på dette er vidareutvikling av «Lærlinghåndboka» og systematisk oppfølging av fråvær.

Likestilling og mangfald

Kjønnsfordeling per kapittel

Oversikt over tilsette i Rogaland fylkeskommune fordelt på stillingskapittel og kjønn

Kapittel	Totalt	Kvinner	%	Menn	%
3.4.1	8	3	38 %	5	63 %
3.4.2	269	154	57 %	115	43 %
4.1	772	504	65 %	268	35 %
4.2	2672	1591	60 %	1081	40 %
5	571	349	61 %	222	39 %
Totalsum	4293	2601	61 %	1692	39 %

Nytt i år er at me har inkludert kapittel 3.4.1 som er direktørnivået i den nye organiseringa.

Kjønnsfordelinga i organisasjonen har ikkje endra seg vesentleg frå tidlegare år. Det er

omtrent 60/40 fordeling mellom kvinner og menn, og det er nå kun direktørnivået kor det er en overvekt av menn omtrent 60/40.

Oversikt over tilsette i Tannhelse Rogaland FKF fordelt på kvinner og menn

År	2024	
Stillingskategoriar	Kvinner	Menn
Tannhelse Rogaland FKF	390	42
Prosentfordeling	90 %	10 %

Den store overvekta av kvinner gjeld både for tannlegar og administrativt tilsette. Talet for tannlegar speiler i stor grad søkinga til odontologistudiet, der det per i dag er nærare 80 prosent kvinner som blir tatt opp som

tannlegestudentar. Når det gjeld yrkesgruppa tannpleiarar og tannhelsesekretærer, er det hovudsakleg kvinner som søker og blir utdanna til desse yrka.

Leiarstillingar fordelt på kvinner og menn i Rogaland fylkeskommune

Stilling	Kvinner	%	Menn	%	Sum
Fylkesdirektør	1	100 %		0 %	1
Ass. fylkesdirektør		0 %	1	100 %	1
Fylkesadvokat	1	100 %		0 %	1
Direktør	1	20 %	4	80 %	5
Ass. fylkesopplæringssjef	1	100 %		0 %	1
Ass. regionalplansjef		0 %	1	100 %	1
Ass. seksjonssjef	1	100 %		0 %	1
Avdelingssjef	3	100 %		0 %	3
Enhetsleder	2	40 %	3	60 %	5
Rektor	13	43 %	17	57 %	30
Avdelingsleder	106	56 %	83	44 %	189
Administrasjonsleder	12	86 %	2	14 %	14
Leder (adm)	6	100 %		0 %	6
Seksjonssjef	13	59	9	41 %	22
Totalt	160	57 %	120	43%	280

Det er ingen store skilnader på leiarnivået samanlikna med tidlegare år.

Det er ei svak auke i talet på kvinnelege leiare, frå 55 prosent til 57 prosent med ein tilsvarande nedgang i talet på mannlege

leiare frå 45 prosent til 43 prosent. Ettersom kjønnsfordelinga i organisasjonen totalt sett er omtrent 60 prosent kvinner og 40 prosent menn er det ikkje unaturleg at dette også reflekterast i prosentandelen på leiarnivået.

Leiarstillingar fordelt på kvinner og menn i Tannhelse Rogaland FKF

År	2024		
	Menn	Kvinner	Totalt
Fylkestannhelsesjef	1	0	1
Andre leiingar	3	5	8
Totalt	4	5	9
Prosent	44 %	56 %	100 %

I Tannhelse Rogaland er det no ein god balanse mellom kvinner og menn i leiande stillingar, noko som ikkje speglar søknadstala til studia

eller fordelinga av kjønnsbalansen innan offentlig tannhelse.

Kjønnsdelt oversikt over tilsette med arbeidstid lågare enn 100 prosent

Kapittel	Kvinner	Menn	Totalt	% kvinner	% menn	% totalt
3	5	3	8	63 %	38 %	3 %
4.1	139	28	167	83 %	17 %	22 %
4.2	347	155	502	69 %	31 %	19 %
5	42	7	49	86 %	14 %	9 %
Totalsum	533	193	726	73 %	27 %	17 %

Tala for bruk av deltidstillingar er ikkje vesentleg annleis frå tidlegare år, frå 73 prosent/27 prosent til 74 prosent/26 prosent. Bruken av deltidstillingar totalt er omtrent 17 prosent, som er en svak nedgang frå 19 prosent i 2023.

Av totalt 4293 tilsette (mot 4221 i 2023), hadde 726 tilsette (mot 791 i 2023), redusert arbeidstid i 2024. Tilsette med redusert arbeidstid i 2024 utgjer totalt 17 prosent mot omtrent 19 prosent i 2023. Inkludert i tala er vikarar og eventuelt midlertidig tilsette i delstillingar. Tala viser både ønsket og uønskt deltid. Uønskt deltid gjelder hovudsakeleg fagområda reinhald og miljøarbeid, ettersom disse yrkesgruppene følger skuleåret. I kapittel 4.2 finn me hovudsakleg pedagogar som underviser i eit enkelt fag eller i eit instrument på skular med utdanningsprogram for musikk, dans og drama.

Rogaland fylkeskommune arbeider kontinuerleg for å utvikle ein heiltidskultur. Det er rutinar

for å følge opp føresegner i arbeidsmiljøloven, hovudtariffavtalen og vedtak i administrasjonsutvalet. Det har vært særleg fokus på å redusere uønskt deltid i stillingar som følger skuleåret, og det har vist seg fleire tilfelle der skulane har lykkjes med dette. For skulane er dette problemstillingar som er nært knytt opp mot budsjett. Det blir kvart år gjennomført to møter med de tillitsvalte sine organisasjonar kor dette er tema, og det blir årleg skrevet en statusoppdatering til administrasjonsutvalet.

Midlertidig tilsette

To gonger årleg blir bruken av midlertidig tilsette i Rogaland fylkeskommune kartlagt. Prinsippa for bruk av midlertidigheit blir drøfta med de tillitsvalte. I 2024 ble det rapportert om i snitt 222 midlertidige tilsette, kor 26 og 196 gjaldt høvevis prosjektstillingar og vikariat.

Midlertidige	Vår	Haut	Snitt 2024
Prosjektstillingar	28	24	26
Vikariat	191	201	196
Totalsum	219	225	222

Kjønnsfordeling 55+ i 2024 (2023 i parentes)

Aldersspenn	Kvinner	Menn	Totalt	% kvinner	% menn	% totalt
55-59	410 (377)	244 (244)	654 (621)	10,0 %	6,0 %	16,0 %
60-61	117 (129)	95 (101)	212 (230)	2,9 %	2,3 %	5,2 %
62-64	131 (122)	118 (102)	249 (224)	3,2 %	2,9 %	6,1 %
65 +	78 (78)	77 (74)	155 (152)	1,9 %	1,9 %	3,8 %
Totalsum	736 (706)	534 (521)	1270 (1227)	18,0 %	13,0 %	31,0 %

Tala viser at det også i 2024 er ei auke i talet på tilsette som er eldre enn 55 år. Den største auka er i gruppa tilsette mellom 55-59 år generelt og for kvinner spesielt. Prosentandelen over 55 år har ei lita auke samanlikna med føregåande år, med 31 prosent i 2024 mot 29 prosent, 27,7 prosent og 28,3 prosent i høvesvis 2023, 2022 og 2021.

Sluttalder for tilsette i fylkeskommunen med AFP og uførepensjon

Talet på gruppene som har gått over til delvis eller 100 prosent uføre er så låge at tala ikkje blir oppgitt.

- Gjennomsnittsalderen for undervisningspersonale (SPK) som går av med AFP og uførepensjon er høvesvis 65 år og 53 år.
- Gjennomsnittsalderen for andre tilsette (KLP) som går av med AFP eller uførepensjon er høvesvis 63 år og 52 år.



Kjønnsfordeling og snittlønn i ny organisasjon

Direktørnivå	Totalt		Kvinner			Menn		
	Antall	Snittlønn	Antall	Snittlønn	%	Antall	Snittlønn	%
Fylkesdirektør	15	kr 990 647	9	kr 1 016 456	60 %	6	kr 951 933	40 %
Opplæring	145	kr 783 810	109	kr 764 361	75 %	36	kr 842 694	25 %
Organisasjon	95	kr 720 876	63	kr 711 333	66 %	32	kr 739 663	34 %
Samferdsel	242	kr 753 137	101	kr 754 753	42 %	141	kr 751 978	58 %
Samfunn	119	kr 783 966	68	kr 765 100	57 %	51	kr 809 122	43 %
Økonomi og eiendom	126	kr 656 752	43	kr 698 186	34 %	83	kr 635 286	66 %
VGS	3549	kr 691 387	2206	kr 684 740	62 %	1343	kr 702 304	38 %
Totalt	4291	kr 768 653	2599	kr 770 704	57 %	1692	kr 776 140	43 %

Totalt sjukefråvær per kvartal i perioden 2022 – 2024

	2024	2023	2022
1. kvartal	5,77 %	6,23 %	7,21 %
2. kvartal	5,17 %	4,99 %	4,57 %
3. kvartal	5,11 %	4,52 %	4,34 %
4. kvartal	5,34 %	5,72 %	5,83 %
Totalt fråvær i %	5,36 %	5,41 %	5,57 %

Måltal (ikkje inkludert Tannhelse Rogaland FKF) for Rogaland fylkeskommune er at sjukefråværet ikkje skal overstiga 5,2 prosent per år. Det totalt sjukefråværet for 2024 på 5,36 prosent, ligg marginalt over vårt mål om fråvær under 5,2 prosent.

Det totale sjukefråværet i 2024 for Rogaland fylkeskommune er 5,36 prosent. Korttidsfråværet (1-16 dagar) er 1,65 prosent. I dei vidaregåande skulane er fråværet 5,17 prosent og i fylkesadministrasjonen er fråværet 6,22 prosent. Når ein samanliknar med dei to føregåande åra så ser me at fråværet er stabilt og lågare enn tidlegare år. Det er i skulane at fråværet har gått ned.

Et tiltak for å få ned sjukefråværet som prøves ut skuleåret 2024-2025 er å ha månadlege møter med leiargruppa på skulane som har høgt fråvær. Leiarar på skulen og rådgjevar i sentraladministrasjonen arbeider saman om å finne gode tiltak og utveksle erfaringar. I 2024 er det blitt jobba med oppfølging av lærlingane sitt sjukefråvær i organisasjonen, noko som me håper vil bidra til tettare oppfølging og lågare sjukefråvær. Alt i alt har sjukefråværet i Rogaland fylkeskommune hatt ein positiv utvikling i 2024.

Sjukefråværsutvikling siste tre år

Sjukefråvær	2024	2023	2022
Fylkesadministrasjonen	6,22 %	6,02 %	6,03 %
Vidaregåande skular	5,17 %	5,26 %	5,47 %
Totalt Rogaland fylkeskommune	5,36 %	5,41 %	5,57 %

Del i foreldrepermisjon

I 2024 har 211 personar hatt foreldrepermisjon. Målt i årsverk utgjør dette 1,67 prosent (66,8 av totalt 4001,2 årsverk), mot 1,5 prosent i 2023 (58,3 av totalt 3944 årsverk i 2023). Av disse utgjør kvinner 62,1 prosent (69,5 prosent i 2023) og menn 37,9 prosent (30,5 prosent).

Intern tilrettelegging for tilsette med redusert funksjonsevne

Rogaland fylkeskommune legg til rette for at personar med redusert funksjonsevne får ein tilrettelagt arbeidskvardag og at ein ved tilsettingar har merksemd på at kvalifiserte søkjarar med redusert funksjonsevne blir kalla inn til intervju.

IA-handlingsplan

Satsingsområda for IA-arbeidet i perioden fram til 2024 har vore knytt til psykisk helse, vald og truslar og muskel/skjelettplager. Desse tema inngår også i arbeidet frå fylkesdirektøren knytt til utvikling og forbetring av arbeidsmiljø.

I tillegg til tiltak i eiga regi, har fylkeskommunen samarbeidd med Nav arbeidslivssenter om oppfølging av einingar for reduksjon av sjukefråvær. Eit forsøksprosjekt i regi av bedriftshelsetenesta knytt til muskel/skjelett og psykisk arbeidsmiljø er gjennomført. Ein ny rettleiar knytt til handtering av vald og truslar er utarbeid og lansert for dei vidaregåande skulane. Det har vorte utvikla nye rapportar for oversikt over sjukefråvær. Desse vil bli lanserte 1. kvartal 2025

og vil gje leiare en betydeleg betre oversikt og analysegrunnlag for identifisering og oppfølging av sjukefråvær og arbeidsmiljøfaktorar innan eige ansvarsområde.

Opplæring, rettleiing og støtte blir gitt i enkelt-saker og overfor arbeidsplassar, etter behov og førespurnad. Andre tiltak vert gjort tilgjengelege for organisasjonen gjennom bransjeprogram og offentlege portalar.

Livsfasetiltak

Tiltaka i livsfasepolitikken skal bidra til å gjere Rogaland fylkeskommune til ein attraktiv arbeidsgivar for medarbeidarar i ulike livsfasar. Tiltaka representerer ulike moglegheiter arbeidstakar og arbeidsgjevar kan nytta seg av. Løysningane skal komma som eit resultat av ei avveging mellom arbeidstakar og arbeidsgjevar sine behov, og være eigna til å fremme arbeidsevne og arbeidsvilje hos den enkelte. Tiltaka representerer moglegheiter og er ikkje ein rett. Livsfasepolitikken skal innlemmast i arbeidet med arbeidsmiljø, kompetanseutvikling og arbeidsgjevarpolitikk. Følgande livsfasetiltak er no gjeldande:

- planleggingssamtalar med seniorar
- seniorkurs for tilsette over 60 år
- midlar til kompetanseheving
- individuell pensjonsrettleiing av KLP
- ein time trening i arbeidstida per veke for tilsette etter fylte 55 år
- individuell tilrettelegging for seniorar



Rekneskap 2024

Folkevalde styrer, utvalg og råd	Fylkesdirektør	Stab og støtte	Netto utgifter
57	11	539	608

	Rekneskap 2024	Revidert budsjett 2024	Avvik
Løn	226	230	3
Andre driftsutgifter	511	440	-70
Sum utgifter	737	670	-67
Sum inntekter	-129	-76	53
Netto driftsresultat	608	594	-14

Investeringar 2024	
Fylkshuset	86
IKT	11
Utlån, aksjer og andelar	16
Avsetning til fond	29
Diverse	7
Sum investeringar	148

alle tal i millionar kroner, inkludert mva

HMS og kvalitet



HMS og arbeidsmiljø

Dei prioriterte områda for HMS-arbeidet i perioden 2024 har vore

- byggje, bevare og vidareutvikle gode arbeidsmiljø
- HMS-systematikk
- implementering nytt kvalitetssystem
- helseundersøkingar

Det vart sett i gang fleire tiltak på overordna nivå for å styrka og vidareutvikla arbeidet på mellom anna desse områda:

- Ein har dei siste par åra hatt økt merksemd på det fysiske/kjemiske arbeidsmiljøet og jobba målretta for å få kontroll og struktur på arbeidet knytt til lovfesta helseundersøkingar. Første koordinerte runde med lovfesta helseundersøkingar for tilsette i verkstader på våre yrkesfagskular er gjennomført. Retningslinje for målretta helseundersøkingar vart utarbeida.
- Systematikken rundt strålevern i fylkeskommunen er styrka. Lokale strålevernkoordinatorer er peika ut og meldepiktige strålekjelder er melde inn i DSAs





meldesystem for strålekjelder EMS. Retningslinje for strålevern og bruk av stråling i Rogaland fylkeskommunen er under utarbeiding.

- I samband med implementering av nytt kvalitetssystem, har ein jobba med oppdatering av styrande dokumentasjon, forbedring av meldeskjema for avvik, samt tilpassingar av systemet slik at ein kan nytta det i det systematisk HMS-arbeidet til fylkeskommunen.
- Eigen fagdag for Akan-kontaktar og leiarar er gjennomført i samarbeid med NAV, med følgande tema:
 - avhengigheit, meistring, psykologisk trygghet
 - leiarskap for ein sunn og produktiv arbeidsplass
- Lovfesta grunnopplæring i arbeidsmiljø for verneombod og medlemmar av arbeidsmiljøutvalet, og lovfesta opplæring i HMS for leiarar, er gjennomført.
- Digitalt kurs om rolle og oppgåver til arbeidsmiljøutvalet er gjennomført for alle arbeidsmiljøutval i fylkeskommunen.

Avvik og uønskete hendingar

Meldingar om avvik og uønskete hendingar innanfor HMS og personvern/informasjons-sikkerheit vart registrert elektronisk i fylkeskommunen sitt kvalitets- og avvikssystem.

Registrering og handtering av meldingar er ein del av det førebyggjande HMS-arbeidet, og skal bidra til kontinuerleg læring og forbedring. Målet er å ligge i forkant og fanga opp signal undervegs, slik at tiltak kan bli iverksett før det skjer ein større svikt eller ulykke.

I løpet av 2024 vart det meldt til saman 1424 avvik og uønskte hendingar innanfor området HMS og personvern/informasjonssikkerheit. Dette er ein reduksjon på 37 prosent samanlikna med året før. Reduksjonen i talet på meldingar kjem i all hovudsak av færre meldingar om truslar og/eller vald i tilrettelagt opplæring, grunna målretta godt arbeidsmiljøarbeid på aktuelle skuler.

Skulesektoren er mykje større enn dei andre områda i fylkeskommunen, og står samla naturleg nok for den største delen av dei registrerte meldingane.

Kategorien truslar og/eller vald har vore den mest brukte kategorien på HMS-meldeskjemaet dei siste elleve åra. Desse meldingane er i all hovudsak knytt til arbeid med elevar på tilrettelagt avdeling.

Samfunnssikkerheit og beredskap

Ved omorganisering av fylkesadministrasjonen i løpet av 2024, la fylkesdirektøren til grunn følgjande i høyringsnotat frå mars 2024:

Fylkesdirektøren samlar ressursar knytt til overordna beredskap, internkontroll og kvalitet i organisasjonsområdet. Dette er fagområde der kompleksiteten og krava til offentleg sektor aukar. Rogaland fylkeskommune har lite ressursar innan desse områda i dag, og ressursane er spreidde i fleire avdelingar. Ved å samle ressursane, kan det systematiske arbeidet styrkast i eit større og meir robust fagmiljø.

Den nye gruppa som skal jobba med fagområdet samfunnssikkerheit og beredskap vart samla

medio hausten 2024. Som fylkesdirektøren beskriv i nemnde høyringsnotat, er dette eit fagområde med auka kompleksitet og auka krav til offentleg samhandling jamfør Totalberedskapsmeldinga.

Viktige oppgåver gruppa innan samfunns-sikkerheit og beredskap har arbeidd med i haust har vore:

- Mandat og planlegging av gruppas arbeidsoppgåver.
- I gang med å lage planverk etter «Forskrift om sivil transportberedskap», eit omfattande arbeid i samarbeid med samferdselsavdelinga og eksterne aktørar.
- Planlegge og fordele arbeidet med heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (HROS) for heile organisasjonen.
- Starta arbeidet med revisjon av overordna beredskapsplanverk (administrativt- og operativt planverk).
- Arrangert øvinga Hybrid Rogaland for fylkesdirektøren si leiargruppe saman med Statsforvaltaren i Rogaland.
- Deltatt i arbeidsgruppa for Totalforsvar Rogaland. Ei rekkje samvirkeaktørar jobbar saman for å laga eit samla planverk knytt til sivile vernetiltak.
- Laga implementeringsplan for krisestøtteverktøyet Rayvn.

Internkontroll

I 2024 inngjekk fylkeskommunen kontrakt med Netpower Web Solutions om levering av eit nytt, digitalt fagsystem til støtte for kvalitet og internkontroll (kvalitetssystem). Løysinga skal gi støtte til fylkeskommunen i arbeidet med å vareta samfunnsansvaret sitt. Dette inkluderer

oppfølging av relevante lover, forskrifter og standardar, og løysinga har funksjonalitet som er nødvendig for å ha ein fullverdig, risikobasert internkontroll på alle områda i fylkeskommunen. Kvalitetssystemet skal på denne måten hjelpe oss til å halde orden i eige hus.

Implementeringa av det nye kvalitetssystemet starta i mai, og etter sommaren vart systemet grundig testa i ulike piloteiningar. Takka vera ein stor innsats frå ulike delar av organisasjonen, vart nytt kvalitetssystem lansert som planlagt 1. januar 2025.

No ligg forholda godt til rette for å vidareutvikle eit felles, heilskapleg system for internkontroll, og dessutan ein meir aktiv bruk av risikovurderingar som verktøy i internkontrollarbeidet. Dette var dei viktigaste anbefalingane frå forvaltningsrevisjonen av overordna internkontroll i Rogaland fylkeskommune i 2017 (fylkestingssak 79/17).

Informasjonssikkerheit og personvern

Den noverande rådgivaren for informasjonssikkerheit starta i rolla si i august 2024, og har etablert eit tett samarbeid med IT-ressursane i fylkeskommunen og personvernombodet.

Nokon aktivitetar:

- Vidareutvikling av tenestekatalogen. Katalogen skal fungera som ei fullstendig oversikt over tenester, applikasjonar og programvare som er i bruk i fylkeskommunen.
- Revisjon av lagringsrettelearen i fylkeskommunen. Rettleiaren er utarbeidd med omsyn til tryggleiksgradering av informasjon og råd om bruk av ulike lagringsstader.
- Eit styringssystem for informasjonssikkerheit (ISMS) er etablert. Styringssystemet skal basera seg på ISO 27001 standarden, og skal bidra til å etterleva lovverket, redusera tryggingbrot, standardisera prosessar og bidra til kontinuerleg forbetring.
- Kurs- og opplæringsarbeid i fylkesadministrasjonen og ved vidaregåande skular i samarbeid med personvernombodet. Formålet var å styrkja forståing og etterleving av krav og rutinar knytt til informasjonssikkerheit og personvern.
- Etablert eit eksternt samarbeid med ei faggruppe for informasjonssikkerheit og personvern ved DigiRogaland.

Omboda

Omboda skal styrke organisasjonen si evne til å følge regelverket, og rettane til enkeltpersonar og grupper. Ombodsrollen er fri, uavhengig og knytt til ulike fagområde.

Fylkeshovudverneombodet

Fylkeshovudverneombodet (FHVO) skal sjå til at alle tilsette i fylkeskommunen, både administrasjon, skular og føretaket Rogaland tannhelse, har eit godt og trygt arbeidsmiljø, og at det systematiske HMS-arbeidet på overordna nivå er i tråd med krava i internkontrollforskriften.

I 2024 har mykje av oppmerksomheita til FHVO vore på omorganisering, flytteprosess og partssamansette utval, men FHVO har også bidrege inn i arbeidsmiljøsaker. FHVO har vore på skulebesøk, laga kurs og samlingar for hovudverneomboda, delteke i AKAN-utvalet og sjølv vore ute på arbeidsmiljøkurs, konferansar og kongress, for å auka eigen kompetanse. Ein av FHVO si viktigaste oppgåve er å vera ein ressurs for organisasjonen. Fylkeshovudverneombodet har i 2024 skreve årsrapport og fleire saker til HAMU, som FHVO rapporterer til.

Elev- og lærlingeombodet (ELO)

Hovudoppgåva til elev- og lærlingeombodet er å vareta og informera elevar, lærlingar og lære kandidatlar om deira rettar og ansvar etter opplæringslova og arbeidsmiljølova.

Andre viktige arbeidsoppgåver er å

- vera synleg for elevar og lærlingar
- motivera elevane og lærlingane til å påverka kvaliteten på si eiga opplæring
- informera elevar og lærlingar om det ansvaret dei har for opplæringa si og læringsmiljøet sitt
- informera og rettleia korleis dei skal gå fram for å ta opp utfordringar i skulekvardagen sin eller i lærebedrifta

Ombodet skal jobba for å sikra at elevar og lærlingar får den oppfølginga dei har rett og krav på. Ombodet skal vera i dialog med skulane, bedriftene og opplæringsavdelinga ved svikt i rutinar eller der rutinar ikkje fungerer etter intensjonen. Ombodet skal vera uavhengig og stå fritt til å kunna påpeika eventuelle utfordringar og forbettringspotensial i opplæringa til elevar og lærlingar. Dette er også grunnen til at ombodet rapporterer til fylkestinget.

I februar 2024 vart vikar for elev og lærling konstituert i 50 prosent stilling.

Førespurnader sidan februar 2024:

Elevar: 11 stykk om fråvær, karakterar, manglande tilpassing og medverknad.



Læringar: 33 stykk om heving av lærekontrakt, manglande tilpassing, arbeidsmiljø, fråvær, manglande opplæring/oppfølging.

Mobbeombodet (MO) for vidaregåande opplæring

Ombodet er ein del av ei nasjonal satsing sidan 2017. Hovudoppgåvene er å jobba for å bidra til at alle elevar og læringar i den vidaregåande opplæring i Rogaland får vareteke rettane sine til eit trygt og godt psykososialt skule- og læringsmiljø i tråd med Barnekonvensjonen, opplæringslov kapittel 12 og 10, og eit forsvarleg arbeidsmiljø etter arbeidsmiljølova for læringar.

Ombodet har ein uavhengig sjå til-, bistand- og støtterolle. I dette arbeidet har ombodet tett og dagleg kontakt med dei unge på ulikt vis.

Noko av aktiviteten i 2024:

- Ombodet har følgd opp førespurnader frå elevar, læringar, føresette, ulike

fagpersonell tilsett i fylkeskommunen, skular, lærebedrifter og opplæringskontor med flere.

- Mange av skulane og opplæringskontora i fylket/læringar har fått besøkt og foredrag.
- Arbeidet med elevmedverknad og elevrådsarbeid er halde oppe.
- Foredrag på foreldremøte, undervist for lektorstudentane ved UIS, skriven artikkel i Yrkesfagene, filminnspeling for læringar i Stavanger kommune, framleis arbeidet med ei trygg avgangsfeiring, høyringsarbeid, inkludert avhalde munnleg innlegg i Stortinget i forbindelse med Stortingsmelding 34 om mobbeombodsordninga, er andre aktivitetar.
- Fagleg påfyll, eit tett samarbeid med elev- og læringombudet og dessutan det nasjonale nettverket er også prioritert.

Dessverre viser såvel siste elevundersøkelse og Ungdata-tala ein auke blant unge som opplever stress, mistriksel og mobbing på skulen. I 2024 fekk ombodet totalt 41 unike førespurnader for elevar og læringar.

Mobbeombodet for barnehage og grunnskule i Rogaland

Ombodet er ein del av den nasjonale satsinga for at alle barnehagebarn og grunnskuleelevar får ivaretatt rettane sine til eit trygt og godt psykososialt miljø.

Elevundersøkinga 2023 viste ei stor auke i mobbing, og held seg like høgt i 2024

I 2024 har ombodet jamleg følgt opp barn, elevar, føresette og tilsette i Rogaland som treng råd, vegleiing og bistand i saker som gjeld barnehage og skule. Ein del henvendelsar er så krevjande at ombodet må gi bistand over lengre tid. Sidan oppstart i 2020, har talet på kor mange som ønsker råd og vegleiing auka kvart år.

- I 2024 tok ombodet imot 81 unike førespurnader (henvendelser), fordelt på 14 kommunar.
- I 2024 hadde ombodet 51 foredrag og innlegg for elevar, føresette, personale og andre faggrupper fordelt på 10 kommunar.

Ombodet er aktiv i fylkeskommunen sitt arbeid med å ivareta overgangen frå ungdomsskulen til vidaregåande opplæring. Ombodet arbeider òg aktivt ved å påverke barn og unges rettar gjennom høyringsarbeid og innspel i media. Sidan hausten 2024 har ombodet òg deltatt saman med andre nasjonale ombod i svar-tenesta Ung.no, som er det offentlege sin informasjonskanal for ungdom.

Personvernombodet (PVO)

Ombodet har ei viktig rolle i å sikre personvernet og følgje personvernreglane. I 2024 var ombodet på besøk i nesten alle verksemdene i fylkeskommunen for å kontrollere etterlevinga av GDPR og gje rettleiing. Møta vart haldne med ansvarleg leiar og personkoordinatorane til stades.

Dette er funna:

- Leiarar er opptekne av personvern og informerer dei tilsette om deira ansvar i samsvar med GDPR, inkludert krav til teieplikt. Det er veldig bra!
- Verksemdene er ikkje flinke nok til å dokumentera behandlinga av personopplysningar. Dei treng betra opplæring, og me må vurdere om me kan gjere noko annleis for å letta oppgåvene ute.
- Det blir registrert få avvik på området informasjonssikkerheit og personvern. Leiinga må oppmuntra til å melda avvik, slik at det kan setjast inn rett tiltak der det er utfordringar.
- Leiarar i Rogaland fylkeskommune er gode på tilgangsstyring, slik at dei tilsette berre har tilgang til personopplysningar der det er tenestleg behov.
- Lagringsrettleiaren er lite kjent i verksemdene. Dette dokumentet er viktig for å vite kor det er forsvarleg å lagre og behandla dokument. Fylkeskommunen må implementera retningslinjer og prosessar betra.

I 2025 skal personvernombodet fokusere på opplæring og krav til dokumentasjon i henhold til GDPR. Dette inkluderer opplæring, rådgjeving og hjelp til å fylle ut behandlingsprotokollar.

Antall avvik innanfor personvern og informasjonssikkerheit i heile organisasjonen, inkludert tannhelse.

Avvik	2023	2024
Interne avvik	223	130
Avvik til datatilsynet	20	5

Reduksjonen i talet på avvik kan skuldast overgang til nytt kvalitetssystem hausten 2024. Det er post som blir send til feil person, som er den hyppigaste årsaka til avvik. Alle avvik til Datatilsynet er lukka.

Innsynskrav frå 6 til 23

Det er ei betydeleg auke i innsynskrav knytt til behandling av personopplysningar. Seks innsynskrav i 2023 og 23 i 2024. I 2023 vart det meldt inn utfordringar med å få inn tilbakemeldingar frå eininga. No går det betre, sannsynlegvis på grunn av auka forståing for lovverket.



Folkevalde organ



Rogaland fylkeskommune er politisk styrt gjennom fylkestinget. I fylkestinget er det 47 folkevalde representantar.

Fylkesordføraren leier møta i fylkestinget og fylkesutvalet, og er den øvste politiske leiaren i fylket.



Fylkestinget i perioden 2023–2027



Ole Ueland
Fylkesordfører (H)



Svein Erik Indbjo
Fylkesvaraordfører (FrP)



Ole Ueland, Inger Merethe Bjerkeim, Erlend Jordal, Lasse Anfinen Fredheim, Gunn Dalen Håland, Mille-Sofie Kvannli, Kenneth Austrått, Else Rege Grannes, Bjørn Sæstad, Anne Marie Lund, Cille Ihle, Kristoffer Amdal, Julie Vold, Håvard Rørtveit og tre vararepresentantar



Frode Berge, Bente Gravdal, Asle Rafdal, Emilie Bersaas, Julia Eikeland, Morten Larsen, Charlotte Sørås, Marek Bogucki, Solveig Vik, Frode Waldemar og tre vararepresentantar



Pål Morten Borgli, Svein Erik Indbjo, Hayley Anita Henriksen, Kristin Lode, May Helen Hetland Ervik, Leif Arne Moi Nilsen, Kristoffer Birkedal og to vararepresentantar



Anne Kristin Bruns, Reid Ivar Bjorland Dahl, Vebjørn Mathiesen Solli, Oddny Helen Turøy og to vararepresentantar



Hanne Marte Vatnaland, Jarle Bø, Bente Gro Milwertz Slettebø og to vararepresentantar



Jan Inge Selvik, Silje Sønstabø, Sigurd Sjursen og to vararepresentantar



Monika Kvilhaugsvik, Kari Vestbø og to vararepresentantar



Kjartan Alexander Lunde, Unni Synnøve Fuglestad og en vararepresentant




Rune Askeland og to vararepresentantar



Naomi Wessel

Politisk organisering




Møte og aktivitetar i fylkesting, fylkesutval, hovudutval og rådgivande råd/utval

Fullstendig oversikt over alle utval, råd og nemnder, sjå rogfk.no

Utval	Medl.	Leiaren av utvalet	Møte			Saker			Utgifter i heile kroner			Vedtatt budsjett 2025
			2022	2023	2024	2022	2023	2024	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	
Fylkestinget	47	Ole Ueland (H)	7	8	10	163	146	154	6 248 000	7 234 000	8 287 000	7 179 000
Fylkesutvalet	15	Ole Ueland (H)	12	10	13	254	256	217	5 001 000	5 392 000	5 675 000	6 357 000
Regional-, kultur- og næringsutvalet	15	Unni Fuglestad (V)	6	6	6	95	87	100	1 627 000	1 353 000	1 614 000	1 489 000
Samferdselsutvalet	15	Lasse Fredheim (H)	5	6	6	62	53	55	1 426 000	1 702 000	1 524 000	1 755 000
Opplæringsutvalet	15	Anne Kristin Bruns (KrF)	6	6	6	69	52	62	1 288 000	1 535 000	1 553 000	1 750 000
Administrasjonsutvalet	7	Pål Morten Borgli (FrP)	8	6	4	26	19	14	350 000	364 000	362 000	433 000
Kontrollutvalet	5	Morten Larsen (AP)	6	6	6	59	69	58	335 000	421 000	701 000	808 000
Ungdommens fylkesråd	9	Sumeja Ohran	10	7	7	108	86	95	620 000	639 000	469 000	659 000
Andre utval												
Eldrerådet	7	Bjørn Eirik Marcusson (Pensjonistforbundet)	6	6	6	58	54	64	279 000	217 000	230 000	489 000
Fylkesrådet for personer med funksjonsnedsettelse	9	Hanne Marte Vatnaland (SP)	6	6	6	115	96	99	572 000	529 000	600 000	846 000
Fylkestrafikk-sikkerhetsutvalet	5	May Helen Hetland Ervik (FrP)	5	5	5	26	15	18	279 000	249 000	267 000	312 000
Inntaksnemnda	5	Anne Kristin Bruns (KrF)	4	4	2	9	8	4	55 000	26 000	57 000	95 000
Klagenemnda	5	Kjartan Alexander Lunde (V)	6	6	6	50	43	68	238 000	266 000	325 000	325 000
Yrkesopplæringsnemnda	7	Ole Ueland (H)	9	7	6	66	43	58	342 000	547 000	319 000	648 000

Tal i heile kroner

Økonomisk resultat

The image features a dark blue background. In the upper left corner, the text 'Økonomisk resultat' is written in white. A large, light purple organic shape, resembling a stylized cloud or a large drop, occupies the lower half of the image, extending from the left edge towards the right.

Årsmeldinga er ein del av årsoppgjeret og inneheld forenkla framstillingar, analysar og resultatvurderingar av tenesteytingar og ei oversikt over den økonomiske situasjonen i Rogaland fylkeskommune.

Med heimel i kommunelova er det utarbeid eit konsolidert rekneskap, som viser fylkeskommunen som ein økonomisk eining. For Rogaland fylkeskommune inneberer dette eit felles rekneskap for «fylkeskassa» og Tannhelse Rogaland FKF, der transaksjonar og mellomvære mellom desse einingane er eliminert.

Rekneskapen inkluderer ikkje separat rekneskap for fylkeskommunens kommunale føretak, Tannhelse Rogaland FKF. Dette føretaket er ein del av Rogaland fylkeskommune som juridisk eining, men har eige styre og avlegg eige rekneskap og årsmelding. Det vises til note i rekneskapen som viser mellomvære til eigne kommunale føretak.

Dei som ønskjer meir informasjon om rekneskapsåret 2024, vil finna det i årsrekneskapen, som inneheld drifts-, investerings- og balanse-rekneskap og notar.

Positivt rekneskapsresultat i 2024 – (budsjettoverskot)

Driftsrekneskapen er gjort opp med eit overskot på 28,8 mill. kroner etter avsetningar og overføring av eigenkapital til investeringsrekneskapen og før administrative transaksjonar.

I samsvar med forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar er mindre-

forbruket avsett på disposisjonsfond. Resultatet betyr at fylkeskommunen bruker mindre av disposisjonsfondet enn i regulert budsjett.

Pris- og kostnadsveksten er vesentleg høgare enn veksten i frie inntekter. Kostnadsutviklinga er spesielt urovekkande innan samferdsel. Pensjonskostnadene stig utover det som er kompensert, og fylkeskommunane må for fjerde året på rad konstatere at meirutgifter til demografi er undervurderte i makroopplegget.

God styring og kontroll i driftsområda

Innan opplæring har skulane dekkja inn eit meirforbruk på om lag 12 mill. kroner frå 2023. Gjennom stram styring har skulane klart å snu eit meirforbruk i 2023 til eit positivt budsjettresultat på 1,6 mill. kroner i 2024 når ein korrigerer for +/- 3 %-regelen.

Resultatet vitnar om ein organisasjon som leverer godt og har budsjettdisiplin. Viss me styrer økonomien fornuftig, skaper me økonomisk og politisk handlingsrom. Einingane har krevjande sparetiltak å forhalda seg til, og har vore medvitne om og opptekne av eigen økonomi, prioriteringar og moglegheiter. Heile organisasjonen har lagt vekt på stram økonomistyring og at dei tildelte budsjetta skal haldast.

Tabellen nedanfor viser netto resultat (positivt tal=overskot / negativt tal=underskot) per driftsområde, når rekneskapen blir samanlikna med revidert budsjett.

Kommentarar til avvika i 2024:

Budsjettet blir vedtatt på eit detaljeringsnivå som viser budsjett for kvart rammeområde. Tabellen viser netto budsjettavvik per rammeområde. Innanfor dei ulike områda kan det vere budsjettavvik på utgifts- og inntektssida som blir nøytralisert i netto driftsramme.

Driftsområde	Netto resultat	Avvik i % for rammeområda
Frie inntekter (skatt og rammetilskot)	-33,2	
Andre generelle statstilskot (havbruk)	0,0	
Konsesjonskraft	-2,0	
Finanspostar (renter og avdrag)	90,1	
Reservert til tilleggsløyver	-4,1	
Pensjonspostar	23,1	
Netto avsetning pensjonsfond	-14,8	
Andre fellesinntekter og -utgifter (inkl. framført underskot for skulane)	1,8 (-1,6)	
Sentrale styringsorgan og stab-/støttefunksjonar	-14,9	-2,5 %
Samfunn	3,2	0,9 %
• Kultur og næring	(1,2)	(0,4 %)
• Plan, miljø og samfunn	(2,1)	(2,6 %)
Samferdsel, fylkesveggar	-18,0	-2,0 %
Samferdsel, andre føremål	7,7	0,5 %
Opplæring	-10,2	-0,3 %
• Bruk av midlar frå 2023	(11,9)	
• Avsetning av midlar til 2025	(1,6)	
Overføring fylkeskommunale føretak	0,0	0,0 %
Totalt	28,8	

Tal i millionar kroner

Frie inntekter (skatt og rammetilskot) viser eit budsjettunderskot på 33,2 mill. kroner. Dei sentrale inntekts- og utgiftsføresetnadene vart noko svekka samanlikna med føresettingane i revidert budsjett desember. Skatteinngangen

vart 7,4 mill. kroner lågare enn føresett, medan rammetilskotet vart 25,8 mill. kroner lågare.

Anslaga på skatteinngangen til kommunesektoren har gradvis vorte reduserte gjennom



Foto: Eduardo Grund

2024, men faktisk skatteinngang vart likevel om lag 1 prosent lågare enn det siste anslaget frå november 2024 (Tillegg nr. 1 til statsbudsjettet for 2025). Dette kjem både av at veksten i løpande innbetalingar av forskotstrekk og forskotsskatt for 2024 vart mindre enn forventa og at avrekningsoppgjera for førre skatteår (korreksjonsoppgjer og marginoppgjer) vart svakare enn i tidlegare år.

Dette gav ein skattesvikt i 2024 på 8,5 mrd. kroner for kommunesektoren samla, samanlikna med anslaget i revidert nasjonalbudsjett i juni. For fylkeskommunane var samla skattesvikt 1,41 mrd. kroner. Stortinget kompenserte delar av mindreinntektene i nysalderinga i november 2024. Rogaland hadde ei noko betre utvikling enn landet elles. Med høg skatteutjamning (87,5 prosent) er det fyrst og fremst skatteinngangen i landet som betyr noko for nivået av frie inntekter i Rogaland fylkeskommune. Fylkeskommunanes samla skatteinntekter var på 41,7 mrd. kroner, noko som gir ein skattevekst på 0,0 prosent frå 2023 til 2024. Tilsvarende vekst i Rogaland var 2,1 prosent.

Rogaland har gått frå å vere eit 119-prosentfylke i brutto skatteinngang per innbyggjar i 2014 til

eit 104-prosentfylke i 2022, men er tilbake på 109 prosent i 2024.

I prinsippet skal ikkje mindreskatteinntekter i siste del av året ha noko å seia for det økonomiske opplegget i kommande økonomiplanperiode, men dette føreset sjølvstendig at skattesvikten ikkje kjem av varige faktorar som tidlegare har vore oversett av finansdepartementet i grunnlaget for fastsetjinga av frie inntekter i 2025.

I posten **andre generelle statstilskot** inngår innbetaling frå havbruksfondet. Det var opphaveleg budsjettet med 30 mill. kroner, men talet vart oppjustert i revidert budsjett til 51,2 mill. kroner som i tråd med mottatt innbetaling. Budsjettposten er dermed i balanse.

Nettoinntekter frå **konsesjonskraft** var i underkant av 120,0 mill. kroner i 2024, og om lag 2,0 mill. kroner lågare enn budsjettet. Gjennomsnittsprisen for året i prisområde NO2 var rundt 50 euro per MWh. Fylkeskommunen mottar inntekter frå sal av konsesjonskraft i euro. Volum av konsesjonskraft er nå vesentleg lågare enn tidlegare. Volum er redusert frå 406 GWh i 2017 til om lag 267 GWh i 2024. Årsaka til nedgangen i volum er

at fylkeskommunen er sekundær rettshavar etter kommunane. Når det alminnelege elektrisitetsforbruket aukar i kommunane kan dei også ta ut meir av konsesjonskraftrettighetene deira. Vidare betaler fylkeskommunen meir for konsesjonskrafta enn tidlegare på grunn av høgare berekna sjølvkost for anlegg i Lysebotn. Inntektsnivået i 2024 var lågare enn i 2023, men er fortsett høgare enn det som med rimelegheit kan forventast i eit normalår.

Samla er det eit budsjettoverskot på 90,1 mill. kroner på **finanspostane**. Renteutgiftene vart 17,1 mill. kroner lågare enn budsjettert og rentekompensasjonen frå staten vart om lag 9 mill. kroner meir enn forventa. Det er eit tap på 2,3 mill. kroner i samband med sal av konsesjonskraft i Euro. Det er ein netto gevinst i samband med plassering av overskotslikviditet på 62,7 mill. kroner. Frå Skyttel, Stavanger forum og Innovasjon Norge er det utbetalt i underkant av 2,0 mill. kroner i utbytte og eigaruttak, som også bidrar til det positive budsjettavviket. Det vart betalt 443,2 mill. kroner i avdrag på lån, som er identisk med budsjettert avdrag.

Posten **reservert til tilleggsøyver** hadde eit meirforbruk på 4,0 mill. kroner. 2,7 mill. kroner skyldast at lønsoppgjøret vart noko dyrare enn det som var satt av i lønsreservar. Av budsjett-posten som var reservert til tilfeldige utgifter for fylkesutvalet er 0,6 mill. kroner ubrukt ved årets slutt.

Totalt sett viser **pensjonsutgiftene** eit positivt budsjettavvik på 23,1 mill. kroner før netto avsetning til premieavviksfond. Premieavviket, med frådrag av inndekning av tidlegare års premieavvik, påverkar netto driftsresultat positivt med netto 14,8 mill. kroner i 2024. Beløpet er sett av til premieavviksfondet i samsvar med vedtak i fylkestinget (FT-sak 23/13), slik at fondet per 31.12.24 er identisk med akkumulert premieavvik (448,3 mill. kroner).

Posten **andre fellesinntekter og -utgifter** viser eit budsjettoverskot på 1,8 mill. kroner, som blant anna inneheldt tilbakeføring av ubrukte midlar frå tidlegare år på 4,0 mill. kroner og utgiftsføring av eit framført overskot på 1,6 mill. kroner for skulane.

Sentrale styringsorgan og stab-/ støttefunksjonar har eit samla underskot på 14,9 mill. kroner. Avdeling organisasjon og digitalisering har eit meirforbruk på 2,5 mill. kroner som i hovudsak knyter seg til eit meirforbruk på om lag 10 mill. kroner til auka utgifter til programvare og driftsavtaler. Samstundes er det eit mindreforbruk på diverse postar, inkl. 1,2 mill. kroner knytt til lærlingar. Bygg og eigedom har eit meirforbruk på 17,4 mill. kroner. 11,4 mill. kroner av meirforbruket gjeld energiutgifter, kor ein del knyter seg til auka bygningsmasse. Det er eit meirforbruk på løn på om lag 2 mill. kroner som gjeld overtid- og ekstraarbeid i samband med flyttinga til midlertidige lokalar for fylkesadministrasjonen. I tillegg vart det ein del meirkostnader grunna ombyggingar og tilpassingar som det opphøveleg ikkje var tatt høgde for. Folkevalde organ har eit budsjettunderskot på 1,1 mill. kroner. Dei andre stab-/støttefunksjonane hadde eit samla mindreforbruk på 3,9 mill. kroner. Deler av mindreforbruket har samanheng med periodar med vakanse i fleire av avdelingane.

I samband med omorganiseringa i 2024 vart dei to tidlegare avdelingane kultur og næring og plan, miljø og samfunn slått saman til ein avdeling – **samfunn. Kultur- og næringsavdelinga** leverte om lag på budsjett, med eit budsjettoverskot på 1,2 mill. kroner. Budsjettoverskotet er knyta til vakansar. **Plan, miljø og samfunn** har eit budsjettoverskot på 2,0 mill. kroner: Budsjettoverskotet er knyta til vakansar, noko som også fører til mindre bruk av prosjektmidlar.



Foto: Sven Erik Knoff

Innanfor **samferdsel** er det eit samla budsjettunderskot på 10,3 mill. kroner, med eit budsjettunderskot innanfor fylkesvegar på 18,0 mill. kroner. Meirutgiftene innanfor fylkesvegar skyldast i stor grad at ein mindre del av årsverkkostnadene enn tidlegare kan henføres til investeringsprosjekt og dermed må førast i drift. For drift og vedlikehald av fylkesvegar er det eit mindreforbruk på 0,5 mill. kroner som skyldast lite snø og milde vinterforhold mot slutten av året. Det var og i 2024 eit lågare behov for Tilrettelagt transport enn budsjettet, noko som ga eit mindreforbruk på om lag 2 mill. kroner.

Det var eit budsjettoverskot for resten av samferdselsavdelinga på 7,7 mill. kroner som i hovudsak knyter seg til vakante stillingar, reduserte overføringar til andre, mindre bruk av konsulenttenester og generelle innsparingar på andre driftspostar.

I opplæringsavdelinga (administrasjonen) er det samla sett eit overskot på 3,4 mill. kroner, som utgjorde 1,4 prosent i forhold til revidert budsjett. Det var berre seksjon for dimensjonering og inntak som hadde eit meirforbruk (1,7 mill. kroner), medan

fellesområdet (1,9 mill. kroner), seksjon for regional kompetanse (0,7 mill. kroner), seksjon for opplæring i bedrift (0,8 mill. kroner), seksjon for opplæring i skule (0,9 mill. kroner), seksjon for fag- og organisasjonsstøtte (0,1 mill. kroner) og pedagogisk-psykologisk teneste, PPT, (0,7 mill. kroner) hadde eit mindreforbruk.

Fagopplæring hadde eit overforbruk på 10,4 mill. kroner. Det er ein auke i talet på lærlingar som aukar tilskotet til bedrifter og til fagprøvar.

Vidaregåande skular, inkludert fagnettverk, Fagskolen Rogaland og vaksenopplæringa har eit samla akkumulert budsjettunderskot på 3,3 mill. kroner ved årsslutt. Etter tilpassingar til økonomireglementet tek einingane med seg eit budsjettoverskot på 1,6 mill. kroner til 2025. Til samanlikning tok skulane med seg eit budsjettunderskot på 11,9 mill. kroner til 2024.

Frå og med 2023 vart det innført ei ny ordning for akkumulerte overskot i dei vidaregåande skulane, inkludert fagnettverk, fagskule og vaksenopplæring. Det vart sett ei prosentgrense på 3 prosent når det gjeld kor stort overskot/

underskot som kan takast med til påfølgande år. Overskot/underskot utover dette vil difor verka inn på rekneskapsmessig resultat.

Fylkesdirektøren viser til eigen oversikt for detaljar knytt til kvar skule og eining.

Med prosentgrensa på +/- 3 prosent, tek skulane med seg eit meirforbruk på kr 25 000 til 2025, medan fagnettverk, fagskulen og vaksenopp-læringa tek med seg mindreforbruk på høvesvis kr 43 000, kr 128 000 og på kr 1 496 000.

I rekneskapen blir berre tilskot/overføringar til **fylkeskommunalt føretak** bokførte. Alle andre føringar skjer i særrekskapen til føretaket. Overskot/underskot kjem fram der.

Fylkestinget vedtar tekstpunkt – også kalla verbalpunkt – i forbindelse med den årlege handlinga av økonomiplan og årsbudsjett. Tekstpunkt krever oppfølging frå fylkesdirektøren, ofte i eigne politiske saker. Det vises til FT-sak 103/2024, der fylkesdirektøren blant anna la fram oversikter som i korte trekk dokumenterte oppfølginga av vedtekne tekstpunkt og nokre merknader til taldelen i fylkestingets vedtak.

Finansielle måltal

Netto driftsresultat i 2024

Netto driftsresultat viser driftsoverskot etter at renter og avdrag er betalte, og er eit uttrykk for kva fylkeskommunen sit igjen med til avsetningar og investeringar. Netto driftsresultat er den primære indikatoren for økonomisk handlefridom i kommunesektoren.

Rogaland fylkeskommune fekk eit netto driftsresultat på 306 millionar kroner i 2024, som er 2,9 prosent av driftsinntektene. Dette er litt betre enn budsjettert, men lågare enn det burde ha vore ut frå det vedtekne finansielle måltalet.

Netto avsetningar til bundne fond påverkar netto driftsresultat positivt med 18,1 mill. kroner. Dette gjeld disponering av øyremerkte inntekter og er i stor grad påverka av utviklinga i udisponerte påskjønningsmidlar knytt til inngått byvekstavtale. Etter korleksjon av netto avsetningar til bundne fond er netto driftsresultat 287,9 mill. kroner, eller 2,7 prosent av driftsinntektene. Fylkestinget har vedtatt eit retningsgivande måltal på 4 prosent av driftsinntektene. Det korrigerde driftsresultatet i 2024 er 1,3 prosentpoeng lågare enn dette.

Fylkeskommunens netto finansutgifter er auka noko i 2024, men betydeleg mindre enn budsjettert. Dette skuldast i hovudsak avkastning på overskotslikviditet. Utfordringane blir noko større i åra som kjem. Finansutgiftene vil stiga som følge av ein viss auke i gjeldsgrad dei nærmaste åra, og med dette høgare avdrag som må dekkjast inn i driftsrekneskapen. Fylkestinget vedtok ved handsaminga av økonomiplan 2021-2024 å auka det årlege avdraget med eit tillegg på 2 prosentpoeng utover minimumsavdraget.

Netto driftsresultat 2024


	Rekneskap 2024	Opphavelag budsjett 2024	Regulert budsjett 2024	Rekneskap 2023
Netto driftsresultat	-305 981	-226 286	-183 981	-536 202
Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter	2,9 %	2,4 %	1,8 %	5,3 %
Bruk av bundne fond	-160 743	-48 900	-103 869	-649 849
Bruk av bundne fond – korrigering (det som er brukt til investering trekkes ut)	-	-	-	125 559
Avsetning til bundne fond	178 872	-	28 809	549 140
• Årets premieavvik fratrullet inndekning av tidligere års premieavvik (inntekt)			14 775	
• Meirforbruk på skulane mv.			13 512	
• Andre forhold			-8 364	
Korrigert netto driftsresultat 1B	-287 853	-275 186	-239 118	-511 352
Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter – korrigert 1B	2,7 %	2,9 %	2,3 %	5,0 %

Tal i 1000 kroner. Negativt fortegn betyr positivt resultat.

Netto driftsresultat – både utan og med korrigeringar – er noko betre enn gjennomsnittet av fylkeskommunane.

Netto driftsresultat (korrigert)

(korreksjonar: bruk/avsetning bundne fond)



Handlingsrom i drift (korrigert for bokført kapitalslit på anleggsmidler)

Dersom me i tillegg korrigerer for avviket mellom betalte avdrag og avskrivningar på 310,7 mill. kroner, får me eit negativt handlingsrom i drift på 22,9 mill. kroner, eller -0,2 prosent av driftsinntektene. Denne tilnærminga har samanheng med behovet for fylkeskommunal

bevaring av formue over tid, som i økonomisk teori føreset eit nullresultat. Eit negativt resultat er ikkje berekraftig over tid. Under samanliknar me resultatet med rekneskapen for 2023 og med andre fylkeskommunar.

Alternativ tilnærming (avdrag blir bytt ut med kapitalslit/avskrivningar):


Alternativ tilnærming (avdrag = kapitalslit/avskrivningar)


	Rekneskap 2024	Opphavelag budsjett 2024	Regulert budsjett 2024	Rekneskap 2023
Korrigert netto driftsresultat 1B	-287 853	-275 186	-239 118	-511 352
- 1 prosent av driftsinntekter	2,7 %	2,9 %	2,3 %	5,0 %
Avvik mellom betalt avdrag og avskrivningar	310 707			275 327
Korrigert netto driftsresultat 2 (handlingsrom i drift)	22 854			-236 025
- 1 prosent av driftsinntekter	-0,2 %			2,3 %

Tal i 1000 kroner. Negativt fortegn betyr positivt resultat.

Handlingsrom i drift

(korreksjonar: bruk/avsetning bundne fond, avskrivningar dekkja i staden for avdrag)





Lånegjeld


Økonomiplan 2025–2028 legg opp til ei stabilisering av gjeldsgraden. Samanlikningar med andre fylkeskommunar viser at lånegjelda har stige noko mindre i Rogaland fylkeskommune fram mot 2024 enn det som er tilfellet i andre fylkeskommunar.

Rogaland fylkeskommune har fått ein stor auke dei siste åra i øyremerkte driftstilskot som følge av byvekstavtalen og aktivitetsfremmande tiltak i vidaregåande opplæring. I sum har dette auka inntektsgrunnlaget og redusert delen av inntektsgrunnlaget som det er naturleg å sjå i samanheng med lånegjelda. Gjeldsgraden er

difor redusert som følge av ekstraordinære forhold på inntektssida. Fylkestinget har med bakgrunn i ovannemnde forhold vedtatt å redusera måltalet for gjeldsgraden noko.

Ved utgangen av 2024 er brutto og netto gjeldsgrad i Rogaland fylkeskommune lågare enn gjennomsnittet av fylkeskommunane. Det er fleire fylkeskommunar som har større handlefridom enn Rogaland i kraft av ei endå meir handterleg lånegjeld, men det er også fylkeskommunar som har lågare handlefridom enn Rogaland av motsett grunn. Tala viser at variasjonane i gjeldsbyrde er store. Samla har fylkeskommunane nokså høg gjeldsbyrde.


Gjeldsgrad



Samanlikningar av investeringsnivået i årsrekneskapen kan vere krevjande fordi fylkeskommunane har ulik samansetning av finansielle kjelder. Høg ekstern finansiering frå bompengar og øyremerkte statstilskot trekk

isolert sett opp nivået av brutto investeringar målt i prosent av driftsinntekter. Tala kan likevel gje ein indikasjon på satsinga knytt til investeringar og det tilhøyrande behovet for å overføra midlar frå drift til investering.

Brutto investeringar i prosent av driftsinntekter




Soliditet

Den finansielle handlefridomen i drift kan styrkjast gjennom bufferkapital eller frie fond (disposisjonsfond), som kan brukast til å takla uventa meirutgifter i enkelte år. Pr. 31.12.24 utgjer disposisjonsfondet til Rogaland fylkeskommune 1 571,1 mill. kroner, der 448,3 mill. kroner skriv seg til premieavviksfondet. Denne delen motsvarer premieavvika i KLP og SPK pr. 31.12.24. Me kan legge til grunn at denne er «bunden opp» til å dekkja inn betalte pensjonspremiar som enno ikkje er dekte inn i driftsrekneskapen. Ein mindre del av disposisjonsfondet gjeld regionalt næringsfond.

Soliditeten er blitt noko svekka gjennom bruk av disposisjonsfondet i 2024. Rogaland fylkeskommunes soliditet i form av egenkapital som kan brukast til driftsføremål, eller til eigenfinansiering av investeringar (overføring frå drift), ligg noko over gjennomsnittet av fylkeskommunane. Bruk av disposisjonsfondet i 2024 gjorde at prosentdelen gjekk ned frå 16,8 prosent til 14,9 prosent for Rogaland. Det var også ein nedgang for fylkeskommunane samla, frå 15,2 prosent til 12,8 prosent.

Disposisjonsfond i prosent av driftsinntekter



Likviditet

Rogaland fylkeskommune har noko styrka likviditet frå 2023 til 2024. Eit tradisjonelt uttrykk for likviditet er arbeidskapital.

Omløpsmidlar (likvide aktivum) bør korrigrast for premieavvik, fordi premieavviket ikkje er ei reell fordring. Arbeidskapitalen kan forklarast på denne måten:

Arbeidskapital

	Rekneskap 2024	Rekneskap 2023	Rekneskap 2022	Rekneskap 2021
Omløpsmidlar	4 431 535	4 405 752	4 415 459	4 064 598
Fråtrekk av premieavvik	-448 272	-433 496	-238 552	-282 838
Kortsiktig gjeld	-2 306 656	-2 380 275	-2 334 814	-2 028 845
Arbeidskapital	1 676 606	1 591 980	1 842 093	1 752 916
Som skal dekkje: Fond				
– Disposisjonsfond fråtrekt premieavvik	1 122 840	1 275 921	1 362 857	1 013 940
– Bundne driftsfond	407 884	389 755	490 465	695 456
– Ubundne investeringsfond	38 723	32 386	10 260	10 683
– Bundne investeringsfond	135 407	45 665	127 781	7 112
Rekneskapsmessig mindreforbruk	-	-	-	-
Udekt i investeringsrekneskapet	-	-	-16 524	-
Ubrukte lånemidlar	137 370	13 870	32 871	191 342
Endring av rekneskapsprinsipp	-165 617	-165 617	-165 617	-165 617
Sum	1 676 606	1 591 980	1 842 093	1 752 916


Tal i tusen kroner

Rogaland fylkeskommune har i 2024 styrka eigenkapital knytt til bundne drifts- og investeringsfond med i overkant av 100 mill. kroner. Dette gjeld i stor grad øyremerka midlar som skal brukas til å oppfylle Byvekstavtalen på Nord-Jæren. Det er ein netto auke i ubundne investeringsfond på 6,3 mill. kroner, som skriv seg til inntrekte FTU-midlar som med heimel i økonomireglementet blir omfordelt til nye prosjekt i 2025 dersom fylkestinget ikkje omprioriterar midla. Ubrukte FTU-midlar auka frå 22,1 mill. kroner per 31.12.23 til 28,5 mill. kroner per 31.12.24. I investeringsrekneskapet vart det blant anna grunna forseinkingar eit

stort mindreforbruk, noko som resulterte i ein betydeleg auke i ubrukte lånemidlar. 137,4 mill. kroner av 1 676,6 mill. kroner i arbeidskapital per 31.12.24 er ubrukte lånemidlar.

Ei samanlikning av arbeidskapital mellom fylkeskommunane viser at statusen per 31.12.24 er som under. I denne oversikta er arbeidskapital definert som omløpsmidlar minus kortsiktig gjeld. Ubrukte lånemidlar blir trekt frå arbeidskapitalen. Vestfold har ikkje levert grunnlagstal, og viser derfor med 0 prosent i grafen. Gjennomsnittet er av dei 13 andre fylkeskommunane.

Arbeidskapital fråtrekt ubrukte lånemidler i prosent av driftsinntekter



Eit utval nøkkeltal

For å illustrera fylkeskommunens finansielle stilling og utvikling vises eit utval av nøkkeltal for åra 2021–2024. Til samanlikning er det laga ein tabell med dei same nøkkeltala i 2024 for dei andre vestlandsfylka og gjennomsnittet for 13 av 14 fylkeskommunar, sidan Vestfold ikkje har levert talgrunnlag.

Nøkkeltal Rogaland	R-2021	R-2022	R-2023	R-2024
Skatt og rammetilskotsgrad				
viser kor stor del av driftsutgiftene som blir finansiert av fylkesskatt og rammetilskot				
Skatt og rammetilskot i prosent av sum driftsutgifter	82,4 %	79,8 %	74,8 %	73,4 %
Netto resultatgrad				
viser kor stor del av driftsinntektene som kan brukast til finansiering av investeringar og avsetningar				
Netto driftsresultat i % av sum driftsinntekter (utan korreksjonar)	8,4 %	7,7 %	5,3 %	2,9 %
Netto driftsresultat i % av sum driftsinntekter (med korreksjonar for bundne avsetningar) ¹⁾	7,1 %	8,9 %	5,0 %	2,7 %
Rente- og avdragsbelastning				
viser kor stor del av driftsinntektene som går med til å finansiera renter og avdrag				
Renter og avdrag i prosent av sum driftsinntekter	5,9 %	6,2 %	6,1 %	6,4 %
Sjølvsfinansieringsgrad				
viser i kor stor grad fylkeskommunen finansierer investeringar med egne midlar				
Investeringar dekt av egne midlar i prosent av brutto investeringar	19,3 %	22,4 %	20,8 %	14,0 %
Lånegjeldsgrad				
viser kor mykje lånegjelda utgjer av dei totale driftsinntektene				
Lånegjeld i prosent av sum driftsinntekter	75,8 %	68,9 %	65,3 %	63,4 %

¹⁾ I 2021 også korrigert for overkompensasjon frå KDD


Nøkkeltal Vestlandet	Møre og Romsdal	Vestland	Rogaland	Gjennomsnitt (13 fk)
Skatt og rammetilskotsgrad				
viser kor stor del av driftsutgiftene som blir finansiert av fylkesskatt og rammetilskot				
Skatt og rammetilskot i prosent av sum driftsutgifter	76,5 %	68,2 %	73,4 %	72,0 %
Netto resultatgrad				
viser kor stor del av driftsinntektene som kan brukast til finansiering av investeringar og avsetningar				
Netto driftsresultat i % av sum driftsinntekter (utan korreksjonar)	1,1 %	2,6 %	2,9 %	2,7 %
Netto driftsresultat i % av sum driftsinntekter (med korreksjonar for bundne avsetningar)	0,6 %	2,2 %	2,7 %	2,2 %
Rente- og avdragsbelastning				
viser kor stor del av driftsinntektene som går med til å finansiera renter og avdrag				
Renter og avdrag i prosent av sum driftsinntekter	9,8 %	8,2 %	6,4 %	6,9 %
Sjølvsfinansieringsgrad				
viser i kor stor grad fylkeskommunen finansierer investeringar med egne midlar				
Investeringar dekt av egne midlar i prosent av brutto investeringar	41,3 %	40,7 %	14,0 %	35,5 %
Lånegjeldsgrad				
viser kor mykje lånegjelda utgjør av dei totale driftsinntektene				
Lånegjeld i prosent av sum driftsinntekter	125,8 %	96,3 %	63,4 %	75,9 %



Kva vart pengane brukte til i drift i 2024?


I 2024 har driftsutgiftene vore på til saman 10 497,3 mill. kroner. Det første kakediagrammet viser driftsutgifter per type utgift. Diagrammet viser at løn inkludert sosiale utgifter (pensjon og arbeidsgivaravgift) utgjer 34,9 prosent av dei totale utgiftene. Overføring frå drift til investering, avsetning til fond og finansutgifter vises ikkje i diagrammet.

Det andre kakediagrammet viser netto driftsutgifter per tenestoområde, og viser at opplæring står for 49,0 prosent av netto driftsutgifter.



Type driftsutgifter

Løn/sosiale utgifter	34,9 %
Kjøp til eigenproduksjon av tenester	16,2 %
Kjøp av produksjon/tenester frå andre	19,7 %
Overføringar	22,1 %
Avskrivingar	7,2 %




Netto driftsutgifter pr. sektor

Politisk styring	0,8 %
Fylkesdirektør med staber	7,7 %
Samfunn	5,0 %
Samferdsel	32,5 %
Opplæring	49,0 %
Tannhelse	5,1 %

Korleis finansierer fylkeskommunen driftsutgiftene sine?

Rogaland fylkeskommune hadde i 2024 ei inntektsside på 10 510,2 mill. kroner. I det tredje kakediagrammet ser me at dei frie inntektene (skatt og rammetilskot) står for 73,3 prosent av dei totale inntektene. MVA-kompensasjon er ein betydeleg generell inntektspost, og inngår i refusjonar.



Type driftsinntekter

Sal- og leigeinntekter	3,4 %
Refusjonar	14,3 %
Overføringar	9,0 %
Frie inntekter	73,3 %

Driftsrekneskap ¹⁾


	Rekneskap			Budsjett	Avvik	Budsjett
	2022	2023	2024	2024	Rekn./bud.	2025
Frie inntekter (skatt og rammetilskot)	-7 116 622	-7 400 998	-7 700 048	-7 717 420	17 372	-8 324 170
Driftsinntekter	-2 417 207	-2 796 502	-2 812 852	-1 766 444	-1 046 408	-2 010 375
Sum inntekter	-9 533 829	-10 197 500	-10 512 900	-9 483 864	-1 029 036	-10 334 545
Løn inkl. sosiale utgifter	3 145 608	3 348 162	3 658 508	3 530 221	128 287	3 779 838
Driftsutgifter (inkl. avskrivningar)	5 776 804	6 551 711	6 838 821	5 126 984	1 711 837	5 636 544
Sum utgifter	8 922 412	9 899 873	10 497 329	8 657 205	1 840 124	9 416 382
Brutto driftsresultat	-611 417	-297 627	-15 571	-826 659	811 088	-918 163
Finansposter:						
Netto renteutgifter	97 264	36 752	20 297	141 300	-121 003	148 600
Avdrag (netto)	415 358	413 800	443 200	459 073	-15 873	455 100
Netto finansposter:	512 622	450 552	463 497	600 373	-136 876	603 700
Motpost avskrivningar	-630 721	-689 127	-753 907	0	-753 907	0
Netto driftsresultat:	-729 516	-536 202	-305 981	-226 286	-79 695	-314 463
Brukt slik:						
Til finansiering i investeringsrekneskapen	629 875	528 904	426 158	400 000	26 158	591 258
Netto avsetningar	99 640	7 298	-120 177	-173 714	53 537	-276 795
Dekning underskot/Bruk overskot	0	0	0	0	0	0
Sum disponeringar	729 515	536 202	305 981	226 286	79 695	314 463
Rekneskapsmessig resultat før adm. transaksjoner ²⁾	-312 401	-114 688	-28 812	0	0	0

Tal i heile 1000

¹⁾ Tabellen viser driftsrekneskapen for 2022-2024, vedtatt budsjett for 2024, avvik mellom rekneskap og budsjett og vedtatt budsjett for 2025.

²⁾ Med heimel i til ny rekneskapsforskrift som gjeld frå 2020 kan rekneskapen ikkje leggst fram med mindreforbruk. Eit ev. mindreforbruk etter strykingar skal settes av på disposisjonsfond (adm. transaksjon).

Utvikling i brutto driftsutgifter versus driftsinntekter



Brutto driftsutgifter inkluderer avskrivningar. Finansutgifter- og inntekter inngår ikkje i tala.

Grafen viser at brutto driftsutgifter dei tre siste åra har auka meir enn brutto driftsinntekter. Det er ikkje ein berekraftig utvikling og er med på å forklare behovet for omstilling som fylkeskommunen står ovanfor i åra framover. Fylkeskommunens frie inntekter vart i utgangspunktet oppjusterte med 4,3 prosent i statsbudsjettet som følgje av anslått pris- og kostnadsvekst i kommunesektoren.

Kommentarar til driftsrekneskapen

Strykingar

I samsvar med forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar gjeldande frå 2020 kan ikkje rekneskapen leggst fram med eit mindreforbruk (overskot). Dersom driftsrekneskapen viser eit mindreforbruk etter at rekneskapsføring av budsjettdisposisjonar, jf. § 4-1, er gjennomført, skal mindreforbruket reduserast så mykje som mogleg ved å stryke bruk av disposisjonsfond. Dersom rekneskapen framleis viser eit mindreforbruk

etter strykingane, skal mindreforbruket dekke inn eventuelle tidlegare års meirforbruk. Eit mindreforbruk som ikkje dekker inn et meirforbruk skal settast av til disposisjonsfond, jf. § 4-3.

Pensjonskostnader

Fylkeskommunen fører pensjonskostnadene etter reglane gitt i forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar. Målet er at rekneskapen skal visa ei jamnare utvikling av pensjonsutgiftene enn det som følger av premieinnbetalinga, som er sterkt påverka av nivået på løns- og g-veksten dei enkelte åra.

§ 3-5 i forskrifta seier at det er pensjonskostnaden som skal rekneskapsførast, og at pensjonsmidlar og pensjonsforpliktingar skal balanseførast med omsyn til estimatavvik pr. 01.01. I tillegg skal arbeidsgjevaravgift av premieavvik og av netto pensjonsforpliktingar høvesvis kostnadsførast og balanseførast. Premieavvik er differansen mellom pensjonspremie og pensjonskostnad.

Bokførte beløp er baserte på oppgaver frå Kommunal landspensjonskasse (KLP) og Statens pensjonskasse (SPK). Det utrekna premieavviket har motpost i balanserekneskapen og blir fordelt (utgifts- eller inntektsført) på driftsrekneskapane dei neste 15/10/7 åra i samsvar med forskrifta.

Premieavviket, med frådrag av inndecking av tidlegare års premieavvik, auka med 14,8 mill. kroner i 2024 og påverkar dermed netto driftsresultat positivt i årsrekneskapen for 2024. Ein skyv i praksis inndeckinga føre seg til komande år i tråd med ovannemnde reglar. Beløpet er sett av til premieavviksfondet i samsvar med vedtak i fylkestinget (FT-sak 23/13), slik at fondet per 31.12.24 er identisk med akkumulert premieavvik (448,3 mill. kroner). Premieavviksfondet inngår som ein del av fylkeskommunens disposisjonsfond, men er ikkje reell likviditet på same måten som anna eigenkapital.

Kalkulatoriske avskrivingar

For å illustrera kapitalslitet av bygningar, inventar og utstyr er det i 2024 belasta i alt 753,9 mill. kroner i kalkulatoriske avskrivingar på dei respektive resultatansvara. Avskrivingane påverkar ikkje resultatet, fordi beløpet er ført til inntekt/motpost på same ansvar. Det er verdt å merke seg at avskrivingane auka med heile 9,4 prosent i 2024 og 9,3 prosent i 2023, som speglar auken i fylkeskommunens realkapital (bygg og anlegg). Over tid gjer også anlegg som er finansierte av bompengar fylkeskommunen meir kapitalintensiv, og aukar behova for vedlikehald i drift og eigenfinansiering av investeringar.

Notar

I forskrift om årsrekneskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar kapittel 5, jf. kapittel 10 som gjeld konsolidert rekneskap, går det fram at notar er ein del av årsrekneskapen. Forskrifta gir i §§ 5-10 – 5-15 blant anna reglar for faste noteopplysningar og andre noteopplysningar som er vesentlege

for vurderinga av den økonomiske utviklinga og stillinga. Foreningen for god kommunal regnskapsskikk har gitt ut ein eigen rekneskapsstandard «KRS nr. 6 Noter og årsberetning», som inneheld fleire notar som blir rekna som nødvendige for dei fleste (fylkes)kommunar for at rekneskapen skal vere lagd fram i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk.

I rekneskapen for 2024 er det lagt ved notar med referanse til KRS nr. 6 ut frå ei vurdering av om dei er vesentlege for å få eit fullstendig og utfyllande bilete av resultata og den økonomiske stillinga til fylkeskommunen ved årsskiftet. Se i rekneskapen for 2024 for noteopplysningar og fleire detaljer om rekneskapen for 2024.

Fakta om driftsrekneskapen

- Rogaland fylkeskommune (RFK) har eit positivt brutto driftsresultat på 15,6 mill. kroner. I dette ligg avskrivingar (kapitalslit) i driftsutgiftene som eit uttrykk for reinvesteringsbehov.
- Finanspostane (netto renteutgifter og avdrag) er på 463,5 mill. kroner. Me merker oss at netto renteutgifter gjekk ned frå 36,8 mill. kroner i 2023 til 20,3 mill. kroner i 2024 (til samanlikning var talet i 2022 97,3 mill. kroner). Renteinntektene og gevinst frå finansielle omløpsmidlar auka altså meir enn renteutgiftene.
- Motpost avskrivingar (inntekt) er på 753,9 mill. kroner. Kapitalslitet aukar med 64,8 mill. kroner samanlikna med 2023, og stig i takt med auka realformue.
- Samla gir dette eit netto driftsresultat på 306,0 mill. kroner, som gjev ein nettoresultatgrad på 2,9 prosent. I avsnittet om netto driftsresultat er det korrigerte talet 2,7 prosent, som er ein minking frå 5,0 prosent i 2023.
- Årets rekneskapsresultat før administrative transaksjonar er på 28,8 mill. kroner, noko som betyr at bruken av disposisjonsfond er tilsvarande redusert.

Kommentarar til investeringsrekneskapen

3,5 mrd. kroner brukt til investeringar

2575,0 mill. kroner vart brukt til investeringsprosjekt i 2024. Dette er ein reduksjon frå 2919,6 mill. kroner i 2023. Det vart i tillegg bokført brutto avsetningar av bundne midlar på 893,0 mill. kroner. Dette gjeld mottatte midlar i samband med byvekstavtalen knytt til bygging av Bussvegen, reduksjon av bompengar og fjerning av rushtidsavgifta.

Det første kakediagrammet viser investeringar per tenesteområde. Det er som i tidlegare år innan områda samferdsel (vegar inkl. bompengefinansierte prosjekt) og opplæring (vidaregåande skular) me finn dei store investeringane, med høvesvis 59,3 prosent og 10,3 prosent.


Det andre kakediagrammet viser korleis utgiftene i investeringsrekneskapen er finansierte. 54,6 prosent er finansierte av tilskot, refusjonar og mottatte avdrag (inkl. bompengar og momskompensasjon), 9,6 prosent er bruk av lån, og 35,8 prosent

er eigenfinansiering. I eigenfinansiering inngår overføring frå drift, sal og bruk av tidlegare avsetningar til bundne fond.

Det var eit mindreforbruk før årsavslutningsdisposisjonar på 189,4 mill. kroner. På samferdselsområdet var det eit mindreforbruk på 119,3 mill. kroner for skattefinansierte prosjekt. Mindreforbruket kjem av fleire forhold, mellom anna ufordelte planleggingsmidlar, forseinka framdrift og utsetjing på grunn av kvalitetssikring. Det vart i 2024 lagd stor vekt på kvalitetssikring av prosjekt for å sikre betre prioritering framover. Dette førte til at enkelte tiltak vart vedtekte for seint til å starte opp i 2024, noko som isolert sett førte til eit mindreforbruk på 52 mill. kroner innan programområda.


Også innanfor dei andre tenesteområda var det mindreforbruk som i stor grad skyldast forseinka framdrift i prosjekter.

Som ein konsekvens av mindreforbruket auka ubrukte lånemidlar frå 13,9 mill. kroner per 31.12.23 til 137,8 mill. kroner per 31.12.24. Fylkesdirektøren vil leggja fram oversikt over prosjekter som må rebudsjetterast i 2025.



Investeringar pr. driftsområde

Fond og avsetningar	25,7 %
Utlån, aksjer og andelar	1,7 %
Styringsorgan og fellesutgifter	3,0 %
Samfunn	0 %
Samferdsel	59,3 %
Opplæring	10,3 %



Finansiering av investeringane

Tilskot, refusjonar og mottatte avdrag	54,6 %
Fond og avsetningar	23,0 %
Bidrag frå drift	12,3 %
Sal av aksjer og eigedom	0,5 %
Bruk av lån	9,6 %
Utlån, aksjer og andelar	1,7 %

Overføring frå drift

Det er overført 426,2 mill. kroner frå drift, der 427,6 mill. kroner er politisk vedtatt. Overføringane er administrativt redusert med 1,4 mill. kroner netto som er summen av en reduksjon i overføringane gunna berekning av avdrag i føretaket (Tannhelse Rogaland) og auka overføringar frå drift til finansiering av mindre tiltak innan opplæring.

Fakta om investeringsrekneskapen


- Bidrag frå drift har vore 426,2 mill. kroner.
- Det er bokført bruk av lån på 332,2 mill. kroner.
- Netto avsetning til bundne investeringsfond var 89,7 mill. kroner.

Investeringsrekneskap ³⁾

	Rekneskap			Budsjett	Avvik	Budsjett
	2022	2023	2024	2024	Rekn./bud.	2025
Investeringar (inkl. utlån, aksjar og forskoteringar)	2 442 699	2 919 633	2 574 950	3 453 444	-878 494	4 159 109
Dekning av tidligere års udekket beløp	0	16 524	0	0	0	0
Avsetningar	663 689	799 011	892 958	0	892 958	0
Finansieringsbehov:	3 106 387	3 735 168	3 467 908	3 453 444	14 464	4 159 109
Bruk av lån	-341 796	-517 752	-332 201	-754 387	422 186	-949 197
Mottatte avdrag på utlån	-8 874	-31 625	-12 263	0	-12 263	0
Tilskot og refusjonar	-1 554 166	-1 795 685	-1 882 339	-2 299 057	416 718	-2 618 654
Bidrag frå drift	-629 875	-528 904	-426 158	-400 000	-26 158	-591 258
Sal av aksjar, fast eigeidom	-11 709	-2 201	-18 068	0	-18 068	0
Bruk av fond/tidlegare avsetningar	-543 443	-859 001	-796 879	0	-796 879	0
Sum finansiering	-3 089 863	-3 735 168	-3 467 908	-3 453 444	-14 464	-4 159 109
Udekt/udisponert	16 524	0	0	0	0	0
Budsjettavvik før årsavslutningsdisp. (udisponert)		-1 223	-189 398	0	0	0


Tal i heile 1000

³⁾ Tabellen viser investeringsrekneskapen for 2022-2024, vedtatt budsjett for 2024, avvik mellom rekneskap og budsjett og vedtatt investeringsbudsjett for 2025.



Fordeling gjeld og egenkapital

Sum egenkapital	58,5 %
Pensjonsforpliktingar	13,7 %
Langsiktig lånegjeld	20,7 %
Kortsiktig gjeld	7,1 %



Utvikling i eigedelar

Anleggsmidler		Omløpsmidlar	
2022	23 506 174	2022	4 415 459
2023	26 050 455	2023	4 405 752
2024	27 848 312	2024	4 431 535

Kommentarar til balansen

Balanserekneskapen er ført opp i samsvar med § 5–8 om verdivurdering i forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar. Ver merksam på:

Pensjonsskyldnader

Brutto pensjonsmidlar og pensjonsskyldnader etter oppgaver frå KLP og SPK blir førte i balanserekneskapen. På denne måten får me oversikt over netto pensjonsgjeld (pensjonsskyldnader – pensjonsmidlar), slik at dei reelle skyldnadene går fram av balansen. Netto pensjonsgjeld per 31.12.2024 utgjør 355,0 mill. kroner.

Anleggsverksemd

I 2024 er det utgiftsført 2575,0 mill. kroner i anleggskostnader. Av dette er 2097,2 mill. kroner innanfor samferdsel og primært i vegsektoren. Desse investeringsbeløpa blir aktiverte i balanserekneskapen som eigedelar med motpost kapitalkonto.

Garantiskyldnader

Det totale garantiansvaret til Rogaland fylkeskommune summerer seg til om lag 32 mrd.

kroner når ansvaret for Rogfast og Bymiljøpakke Nord-Jæren blir tekne med. Rogfast har ei garantiramme på 17,6 mrd. kroner der 3,35 mrd. kroner var teke opp i lån pr. 31.12.24. Bymiljøpakke Nord-Jæren ligg førebels inne med ei garantiramme på 7,7 mrd. kroner, men den vil venteleg bli justert ned når endringa i FT-sak 124/24 blir vedtatt av Stortinget. I saka har fylkestinget endra låneramma til 3,5 mrd. kroner og garantibeløpet til 3,85 mrd. kroner. Pr. 31.12.24 er det ikkje tatt opp lån for pakken. Garantiansvaret inkluderer også eit tillegg på 10 prosent av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle påkomne renter og omkostningar.

Fakta om balansen

- Ved utgangen av 2024 hadde Rogaland fylkeskommune i underkant av 6,7 mrd. kroner i langsiktig lånegjeld.
- Pensjonsskyldnadene til fylkeskommunen er på 4,4 mrd. kroner.
- Fylkeskommunen har eigedelar bokførte til 32,8 mrd. kroner (inkludert pensjonsmidlar på 4,1 mrd. kroner).
- Arbeidskapitalen er auka i 2024.

Balanserekneskap ⁴⁾

	2022	2023	2024
Anleggsmidler:	23 506 174	26 050 455	27 848 312
Av dette: Utlån, aksjar og andeler	430 294	425 097	464 122
Av dette: Pensjonsmidlar	3 448 704	3 820 115	4 070 286
Omløpsmidlar:	4 415 459	4 405 752	4 431 535
Av dette: Kortsiktige fordringar	941 285	553 346	746 829
Sum eigedelar	27 921 633	30 456 207	32 279 847
Fond	-2 229 916	-2 177 224	-2 153 126
Udisponert el. udekt i investeringsrekneskapen	16 524	0	0
Likviditetsreserve	0	0	0
Endra rekneskapsprinsipp	165 617	165 617	165 617
Kapitalkonto	-12 968 526	-15 325 186	-16 893 877
Sum eigenkapital	-15 016 301	-17 336 793	-18 881 386
Pensjonsforpliktingar	-4 001 551	-4 085 219	-4 425 385
Langsiktig lånegjeld	-6 568 968	-6 653 920	-6 666 420
Kortsiktig gjeld	-2 334 814	-2 380 275	-2 306 656
Sum gjeld	-12 905 333	-13 119 414	-13 398 461
Sum gjeld og eigenkapital	-27 921 634	-30 456 207	-32 279 847
Memoriakonto:			
Ubrukte lånemidlar	32 871	13 870	137 370

Tal i heile 1000

⁴⁾ Tabellen viser balanserekneskapen til fylkeskommunen dei tre siste åra. Balanserekneskapen viser fylkeskommunen sine bokførte eigedelar (omløpsmidlar og anleggsmidlar), gjeld og eigenkapital.

Arbeidskapital ⁵⁾

	2022	2023	2024
Endring i omløpsmidlar	350 861	-9 707	25 782
Endring i kortsiktig gjeld	305 969	45 461	-73 619
Endring i arbeidskapital	44 892	-55 168	99 401

Tal i heile 1000

⁵⁾ Tabellen viser endringar i arbeidskapitalen som kjem fram av differansen mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld.

Oppsummering av 2024

Rekneskapen er gjort opp med overskot og Rogaland fylkeskommune fekk eit betre økonomisk resultat i 2024 enn forventa. Netto driftsresultat vart på 306,0 millionar kroner. 2024 var nok eit år kor driftsutgiftene auka meir enn inntektene og kor dei underliggjande marginane i drift vart redusert. Det er kontroll og balanse i drifta, sjølv om det òg i 2024 er nokre ekstraordinære forhold som bidrog til å lyfta resultatet.

Netto driftsresultat vart på 2,9 prosent av driftsinntektene (før korrigeringar). Korrigert netto driftsresultat er på 2,7 prosent, som er 1,3 prosentpoeng lågare enn retningsgivande måltal på 4 prosent og noko lågare enn det det opphavlege budsjettet la opp til (2,9 prosent).

Lånegjelda (netto gjeldsgrad) er på 61,3 prosent av driftsinntektene, med ein noko oppblåst inntektsbase som følge av kompensasjonsordningar og øyremerkte tilskot mv.

Merksemd på prioriteringar, stram økonomistyring og god budsjett disiplin har medverka til nok eit år med positivt rekneskapsresultat. Arbeid med omstilling og innsparing har gjort drifta meir krevjande. Høg prisvekst og regulering av driftskontraktar innan samferdsel har sett press på økonomien gjennom 2024. Skulane har på si side dekkja inn meirforbruket frå 2023, og tek med seg eit lite mindreforbruk til 2025.

Nøkkeltala viser at Rogaland fylkeskommunes handlefridom og moglegheiter i stor grad blir styrt av dei frie inntektene. Det vil seia at det eigentleg er staten som er premissleverandør for det fylkeskommunale tilbodet.

Eit netto driftsresultat på 2,7 prosent etter korrigeringar gjer at målet om eit netto driftsresultat på 4 prosent av driftsinntektene ikkje er oppnådd. Årets resultat er ei svekking frå 5,0 prosent i 2023.

Mindreinntekter frå skatt har trekt ned resultatet på ein uvanleg måte i 2024. Samstundes har dei gode tilhøva for forvaltning av overskotslikviditet i 2024 trekt resultatet opp. Fylkeskommunen betalte noko høgare pensjonspremiar i 2024 enn det som vart dekt inn, og denne differansen må dekkjast i dei komande åra. Når me tek det ekstraordinære ut av reknestykket, er handlingsrommet i drift stramt.

I opphøveleg budsjett var det vedtatt å bruke 124,8 millionar kroner frå disposisjonsfondet i 2024 for å kunne overføre 4 prosent av driftsinntektene til investeringar. Undervegs i året vart talet justert og i revidert budsjett i desember vart bruken av disposisjonsfond justert til 188,5 millionar kroner. Med eit positivt resultat på 29 mill. kroner før administrative transaksjonar, blir bruken av disposisjonsfondet redusert tilsvarende.

Dess høgare investeringsnivå og formue av bygg og anlegg fylkeskommunen har, dess høgare resultatgrad bør ein prøva å oppnå. Dette er for å halda gjeldsutviklinga mest mogleg stabil når fylkeskommunen må halde oppe eit akseptabelt investeringsnivå. Bufferkapitalen er til for å ta hand om uventa kostnader eller uventa reduksjonar i inntekter, og er ein del av fylkestinget si finansielle målstyring etter kommunelova. I løpet av 2024 er bufferkapitalen redusert med 138 millionar kroner og utgjer 14,9 prosent av driftsinntektene.



Foto: Terje Røkke

I økonomiplan 2025–2028 har fylkestinget vedtatt å bruke 486 millionar kroner av bufferkapitalen til investeringar for å få så liten auke i gjeldsgraden som mogleg.

Vestlandsfylka leverer noko ulike resultat i 2024. Rogaland ligg med eit netto driftsresultat på 2,9 prosent utan korreksjonar litt over gjennomsnittet for fylkeskommunane, medan Vestland og Møre og Romsdal med høvesvis 2,6 prosent og 1,1 prosent ligg under gjennomsnittet på 2,7 prosent for fylkeskommunane samla. Etter korreksjonar er netto driftsresultat 2,7 prosent for Rogaland, 2,2 prosent for Vestland og 0,6 prosent for Møre og Romsdal, samanlikna med 2,2 prosent for landet. Ein må vere merksam på at nivået av avdrag varierer frå minimumsavdrag til eit betydeleg høgare nivå av avdrag. Samanlikningar kan derfor godt gjerast etter at avdrag er bytt ut med avskrivningar.

Forholda er da eit netto driftsresultat for Rogaland på minus 0,2 prosent, minus 2,4 prosent for Vestland og minus 2,4 prosent for Møre og Romsdal.

Fleire samanlikningar er å finna på Statistisk sentralbyrå sine KOSTRA-sider og under Økonomisk statistikk på fylkeskommunens eigen heimeside: rogfk.no

Utfordringane framover

Fylkestinget har vedtatt konkrete finansielle måltal/handlingsreglar for økonomiplan 2025–2028. Det er gjort greie for desse i økonomiplan 2025–2028.

Dei økonomiske rammene i det vedtatte budsjettet for 2025 og økonomiplan 2025–2028

Viss me styrer økonomien fornuftig, skaper me økonomisk og politisk handlingsrom.

er strame og forutset at fylkeskommunen gjennomfører omstillinga som er vedtatt. Omstillinga er nødvendig for å sikre langsiktig finansiell handleevne, slik kommunelova krev. Behova for omstilling som er skissert i økonomiplanen kan bli større som følge av auka kostnader knytt til drift av kollektivtransport frå 2026. Den finansielle risikoen er høg på grunn av små marginar i drift. Sjølv om eigenkapitalen (frie driftsfond) er noko svekka gjennom 2024, har fylkeskommunen framleis ein bufferkapital over målalet på 10 prosent av driftsinntektene. Dette er reservar som kan brukast til å oppretthalda eigenfinansieringa av investeringar i åra som ligg føre oss. Det er i økonomiplan 2025–2028 lagt til grunn at fylkeskommunen skal nytta 486 millionar kroner av disposisjonsfond for å kompensera for ein svak driftsmargin.

Saman med høg pris- og kostnadsvekst, utover den såkalla deflatoren i statsbudsjettet, er andre underliggende forklaringar på dei svekkja driftsmarginane at pensjonskostnadene stig utover det som blir kompensert i 2024 og 2025, og at fylkeskommunane for fjerde år på rad må konstatere at utgifter til demografi vart undervurderte i makroopplegget for 2025.

Den delen av lånegjelda til fylkeskommunen som er eksponert for renterisiko, vil vere ei utfordring å handtera når marknadsrentene no har stige frå historisk låge nivå. I tillegg har fylkeskommunen som nemnd langsiktige

utfordringar knytt til finansiering av kollektivtransport og stigande realformue. Dette gjeld både i investering og drift.

Økonomiske utfordringar i åra framover er gjennomgått i økonomiplan 2025–2028, og føresetnadene for vedtatt økonomiplan er i hovudsak uendra. Om lag 30 prosent av disposisjonsfondet er premieavviksmidlar, som veg opp for pensjonspremiar som er betalt, men ikkje dekkja inn.

Stram økonomistyring, bevisste prioriteringar og hyppig rapportering vil òg i åra som kjem vere suksessfaktorar. Fylkeskommunen må gjennom ei omstilling, med merksemd retta mot både prioriteringseffektivitet og kostnadseffektivitet. Nøkkeltal illustrerer at Rogaland fylkeskommune på mange område har låge einingskostnader og høg kostnadseffektivitet samanlikna med andre fylkeskommunar. Fylkesdirektøren meiner at fylkeskommunen er underadministrert på nokre områder som er viktige for styringa av den samla verksemda.

Ein grunnleggande føresetnad i åra framover er at det blir ein realvekst i frie inntekter som er stor nok til å dekkja demografiske endringar, nye miljøkrav, krav om universell utforming, behov for utbygging av kollektivtrafikk, naudsynt vedlikehald av vegar og eigedomar og dessutan kostnader til nye nasjonale reformer på dei



ulike felta. Fylkeskommunen må vera forberedt på at dette ikkje slår til, og at auka forventningar og behov vil vera krevjande å kome i møte.

Det nye inntektssystem for fylkeskommunane frå 2024 gjorde at Rogaland fylkeskommune kom dårlegare ut av det økonomisk enn føresett. Systemet får gradvis større verknad i åra fram til og med 2027.

I grunnlaget for økonomiplan 2026–2029 må fylkeskommunen halda fram arbeidet med omstilling for å sikre betre balanse mellom driftsinntekter og -utgifter. Fylkeskommunen får god bruk for bufferkapital i ein periode med omstilling til svekka handlingsrom.

Tannhelse Rogaland FKF

Rekneskapen er gjort opp med eit netto driftsresultat på 19,4 mill. kroner. Budsjettoverskotet er på 18,0 mill. kroner. Fylkesdirektøren tilrår i saken om rekneskapen 2024 ein spesifikk avsetning knytt til lønsbudsjettet.

Overskotet kjem som følge av mindre kostnader til løn samt at det er brukt mindre på vedlikehald og reparasjonar enn planlagt. Pasientinntektene er litt høgare enn forventa.

Meir informasjon og opplysningar om Tannhelse Rogaland FKF er å finna i rekneskapen for føretaket og årsmeldinga for 2024.

Revisors beretning





Til Fylkestinget i Rogland Fylkeskommune

Kopi:
Kontrollutvalget
Fylkesutvalget
Fylkesdirektør

UAVHENGIG REVISORS BERETNING

Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

Konklusjon

Vi har revidert Rogland Fylkeskommune årsregnskap som viser et netto driftsresultat på kr 305 981 000 og et netto driftsresultat i det konsoliderte årsregnskapet på kr 325 338 000.

Årsregnskapet består av:

- Fylkeskommunens årsregnskap, som består av balanse per 31. desember 2024, bevilgningsoversikter drift og investering, økonomisk oversikt drift og oversikt over samlet budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjoner for regnskapsåret avsluttet per denne datoen, og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.
- Konsolidert årsregnskap som består av balanse per 31. desember 2024, driftsregnskap, investeringsregnskap, for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter.

Etter vår mening:

- Oppfyller fylkeskommunens årsregnskap gjeldende lovkrav og gir i det alt vesentlige en dekkende fremstilling av fylkeskommunens finansielle stilling per 31. desember 2024, og av resultatet for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med kommunelovens regler og god kommunal regnskapsskikk i Norge.
- Oppfyller det konsoliderte årsregnskapet gjeldende lovkrav og gir i det alt vesentlige en dekkende fremstilling av den finansielle stillingen til Rogland Fylkeskommune som økonomisk enhet per 31. desember 2024, og av resultatet for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med kommunelovens regler og god kommunal regnskapsskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i "Revisors

oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapet". Vi er uavhengige av kommunen slik det kreves i lov og forskrift, og har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Innhentet revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Årsberetningen og annen øvrig informasjon

Fylkesdirektøren er ansvarlig for informasjonen i årsberetningen. Vår konklusjon om årsregnskapet ovenfor dekker ikke informasjonen i årsberetningen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese årsberetningen. Formålet er å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom årsberetningen og årsregnskapet og den kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen av årsregnskapet, eller hvorvidt informasjon i årsberetningen ellers fremstår som vesentlig feil. Vi har plikt til å rapportere dersom årsberetningen fremstår som vesentlig feil. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

Basert på kunnskapen vi har opparbeidet oss i revisjonen, mener vi at årsberetningen

- inneholder de opplysninger som skal gis i henhold til gjeldende lovkrav og
- at opplysningene om økonomi i årsberetningen stemmer overens med årsregnskapet.

Vi henviser for øvrig til avsnittet «Uttalelse om redegjørelse for vesentlige budsjettavvik» under uttalelse om øvrige lovmessige krav.

Fylkesdirektørens ansvar for årsregnskapet

Fylkesdirektøren er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir en dekkende fremstilling i samsvar med kommunelovens bestemmelser og god kommunal regnskapsskikk i Norge. Fylkesdirektøren er også ansvarlig for slik intern kontroll som vedkommende finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål med revisjonen er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på årsregnskapet.

Som del av en revisjon i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapet, enten det skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Vi utformer og gjennomfører

revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon som følge av misligheter ikke blir avdekket, er høyere enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil, siden misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, uriktige fremstillinger eller overstyring av intern kontroll.

- opparbeider vi oss en forståelse av den interne kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av kommunens interne kontroll.
- evaluerer vi om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimatene og tilhørende noteopplysninger utarbeidet av Fylkesdirektøren er rimelige.
- evaluerer vi den samlede presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapet, inkludert tilleggsopplysningene, og hvorvidt årsregnskapet gir uttrykk for de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir en dekkende fremstilling.
- innhenter vi tilstrekkelig og hensiktsmessig revisjonsbevis vedrørende den finansielle informasjonen til regnskapsenhetene som inngår i konsolidert årsregnskap for å kunne gi uttrykk for en mening om det konsoliderte årsregnskapet. Vi er ansvarlige for å lede, følge opp og gjennomføre revisjonen av det konsoliderte årsregnskapet. Vi alene er ansvarlige for vår revisjonskonklusjon.

Vi kommuniserer med kontrollutvalget og fylkesdirektøren blant annet om det planlagte omfanget av revisjonen og til hvilken tid revisjonsarbeidet skal utføres. Vi utveksler også informasjon om forhold av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, herunder om eventuelle svakheter av betydning i den interne kontrollen.

Uttalelse om øvrige lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av kommunens regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Uttalelse om redegjørelse for vesentlige budsjettavvik

Vi har utført et attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet, i forbindelse med Rogland Fylkeskommunes redegjørelse for vesentlige budsjettavvik, enten det skyldes beløpsmessige avvik eller avvik fra fylkestinget i Rogland Fylkeskommunes premisser for bruken av bevilgningene.

Konklusjon

Basert på de utførte handlingene og innhentede bevis er vi ikke blitt kjent med forhold som gir grunn til å tro at årsberetningen ikke gir dekkende opplysninger om vesentlige budsjettavvik.

Fylkesdirektørens ansvar for redegjørelse om budsjettavvik og revisors oppgaver og plikter knyttet til uttalelsen om budsjettavvik

For videre beskrivelse av Fylkesdirektørens ansvar og revisors oppgaver ved uttalelse om redegjørelse for vesentlige budsjettavvik vises det til <http://www.nkrf.no/revisjonsberetninger> - revisjonsberetning nr 1.

Stavanger, 31.03.2025
Rogaland Revisjon Iks

Elektronisk signert
Rune Haukaas
Revisjonsdirektør/
statsautorisert revisor



Elektronisk signatur

Signert av

Haukaas, Rune



Dato og tid (UTC+01:00) Central European Time (Berlin) (DD.MM.YYYY HH:MM:SS)

31.03.2025 07:42:00

Signaturmetode

Norwegian BankID

Dette dokumentet er signert med elektronisk signatur. En elektronisk signatur er juridisk forpliktende på samme måte som en håndskrevet signatur på papir. Denne siden er lagt til dokumentet for å vise grunnleggende informasjon om signaturen(e), og på de følgende sidene kan du lese dokumentet som er signert. Vedlagt finnes også en PDF med signatordetaljer, og en XML-fil med innholdet i den elektroniske signaturen(e). Vedleggene kan brukes for å verifisere gyldigheten av dokumentets signatur ved behov.

Rogaland fylkeskommune

Postboks 130 sentrum
4001 Stavanger

Besøksadresse

Ankerkvartalet
Haakon VII's gate 9
4005 Stavanger

Telefon

51 51 66 00

E-post

firmapost@rogfk.no

www.rogfk.no